Kapittel 9 Korrespondanseanalyse

9.0 Innleiing

I førre kapittel såg vi nokså detaljert på kvar enkelt variabel og diskuterte variantfordelinga mellom lokale former, standardformer, regionale former og mellomformer. Vi såg også på korleis dei ulike språktrekka fordelte seg blant unge og vaksne på respektive Røros og Tynset, og på variantfordelinga hos den enkelte informant. I denne delen av analysen, derimot, vil vi berre sjå på lokale kontra nivellerte former uavhengig av om desse er resultat av ei horisontal, vertikal eller delvis nivellering. Målet med denne analysen er å få eit meir overordna inntrykk av samanhengen mellom dei ulike språklege og sosiale variablane, og korleis enkeltindivida plasserer seg i dette biletet. Til dette føremålet vil eg ta i bruk korrespondanseanalyse – ein multivariat statistisk analysemetode. Det som står i fokus her, er å kartleggje det systemet av *relasjonar* som finst mellom dei ulike sosiale og språklege variabelkategoriane og enkelt-individa (jf. kap 5, pkt. 5.5.3).

Bakgrunnen for å bruke korrespondanseanalyse i staden for andre multivariate statistiske analysemetodar som har vore meir vanlege i sosiolingvistiske studiar, som t.d. VARBRUL, faktoranalyse, multivariat regresjonsanalyse eller prinsipal komponentanalyse (jf. t.d. Labov 1994, Bayley 2002, Horvarth 1985), er at denne metoden tilbyr ei rekkje moglegheiter både deskriptivt og teoretisk som ikkje finst på same måte innafor andre analysemetodar. Korrespondanseanalyse er, som vi vil kome attende til nedafor, særleg godt eigna til å takle sosiolingvistiske problemstillingar, fordi den gjer det mogleg å handsame mange variablar i ein og same analyse og vise relasjonen mellom dei (jf. pkt. 9.1.3 nedafor). I motsetnad til dei fleste andre multivariate metodar set altså korrespondanseanalysen fokus på *relasjonen* mellom ulike språklege og sosiale variabelkategoriar. Dette er spesielt interessant innafor sosiolingvistikken, sidan ein her ofte står overfor komplekse situasjonar der mange variablar verkar samtidig. Vidare introduserer korrespondanseanalysen element av "felttenking" i motsetnad til "punkttenking" (jf. Bourdieu sitt feltomgrep, kap. 5, pkt. 5.2.4, t.d. Bourdieu &

Krais 1991, Bourdieu & Wacquant 1995, Broady 1991, Akselberg 1995).[181] I den første delen av dette kapittelet vil korrespondanseanalysen bli presentert. Sidan denne statistiske analysemetoden ikkje er særskilt godt kjend innafor sosiolingvistikken, vil eg gi ein nokså brei presentasjon, som både inkluderer historikk og kunnskapsteoretisk grunnlag, prinsipp, omgrep og tolkingsrammer. I den andre delen av kapittelet vil dei konkrete analysane av Røros og Tynset blir presenterte.

9.1 Kva er korrespondanseanalyse?

Under dette punktet vil eg først gi ein kort presentasjon av historikken og det epistemologiske grunnlaget for korrespondanseanalysen. Her vil også fordelar og ulemper ved denne analysemetoden i høve til andre metodar bli omtalt. Deretter vil eg sjå nærare på dei ulike prinsippa bak korrespondanseanalysen og gi ein kort introduksjon til viktige omgrep og tolkingsrammer. Til slutt vil eg ta opp att spørsmålet om kvifor det kan vere nyttig å bruke korrespondanseanalyse i eit sosiolingvistisk studium.

9.1.1 Kort historikk

Korrespondanseanalyse er kort sagt ein statistisk metode for å avdekkje dei underliggjande strukturane i komplekse datamatriser og presentere desse strukturane visuelt i eit fleirdimensjonalt punktdiagram, også kalla *korrespondansekart*. Målet med modellen er, sagt på ein annan måte, å framstille dei latente strukturane i eit datamateriale i eit n-dimensjonalt rom. Korrespondanseanalyse var lenge ein relativt ukjend metode innafor norsk og anglo-amerikansk sosialvitskap. Metoden er utvikla og har først og fremst vorte brukt innafor fransk analysemetodologi. Dei første sosialvitskaplege publikasjonane der korrespondanseanalyse er brukt, skriv seg attende til 1970-åras Frankrike, der metoden etter kvart har vorte den mest vanlege multivariate analyseteknikken. Liknande metodar vart også utvikla i Japan, der ein søkte å vidareutvikle og forbetre skaleringsteknikkar for å kunne kvantifisere kvalitative data

[181] Bourdieu bruker omgrepet felt, "*champ*", i ei teknisk og presis meining. Eit felt eksisterer når ei avgrensa gruppe menneske eller institusjonar strir om noko som er felles for dei. Eller meir presist: eit felt er det systemet av relasjonar som finst mellom ulike sosiale aktørar. Det å tenkje i felttermar inneber altså å tenkje relasjonelt (jf. Bourdieu & Wacquant 1995:82). Sosiale felt i Bourdieus meining kan overlappe kvarandre, og større felt kan, som kinesiske øskjer, innehalde mindre delfelt (jf. diskusjonen i kap. 5, pkt. 5.2.4).

(jf. Greenacre & Blasius 1994). I den engelskspråklege verda blei korrespondanseanalysen først kjend og teken i bruk på midten av 1980-talet, og då særleg blant marknadsanalytikarar. Dei seinare åra har denne analysemetoden vorte stendig meir populær også innafor den europeiske og amerikanske sosialvitskapen, mykje takka vere arbeida til Pierre Bourdieu og analysane hans av det franske "sosiale rommet". Boka hans, *La Distinction,* frå 1979 er eit av dei mest berømte eksempla på bruk av korrespondanseanalyse (jf. Bourdieu [1979] 1995:164-165).[182] I Frankrike er Bourdieu rett nok berre ein av mange sosiologar som bruker denne teknikken. Det som er spesielt for Bourdieu, er likevel måten korrespondanseanalyse inngår som eit teoribyggjande verktøy i nært samsvar med hans *relasjonistiske* sosiologi (Broady 1991:473-527).

For Bourdieu er alle fakta eller system av fakta som er relaterte til kvarandre, plasserte i eit *system av relasjonar* som dei hentar sine spesifikke eigenskapar, meiningar og verdiar frå. På same måten som eit sosialt fenomen for Bourdieu berre eksisterer i eit system av relasjonar, er plasseringa av eit punkt i korrespondanseanalysen gitt ut frå punktet sin relasjon til alle andre punkt i matrisa. Dei metriske avstandane i korrespondansekartet over det franske sosiale rommet seier såleis ikkje berre noko om ulikskap i fordeling av eigenskapar og ressursar, men i Bourdieu sin sosiologi kan desse avstandane òg tolkast som *mentale* – nedfelte i habitus, og som *sosiale avstandar* (jf. Hovden 1997, jf. kap. 5, pkt. 5.5.3). Som nemnt i kapittel 5, legg Bourdieu vekt på å gjere ein "objektivistisk rekonstruktion av systemet av relationer" i analysane sine (Broady 1991:479, jf. pkt. 5.5.3). Først etter at ein har gått gjennom eit slik konstruksjonsarbeid kan ein ifølgje Bourdieu kome fram til endelege tolkingar. Desse tolkingane kan somme tider ligge nær den intuisjonsmessige forståinga, men er likevel ikkje det same (jf. skiljet mellom subjektivistiske og objektivistiske tilnærmingsmåtar, jf. kap. 5, pkt. 5.5.4). For å bryte med dei spontane førestellingane lagar Bourdieu avanserte kart over studieobjektet ved hjelp av korrespondanseanalyse (t.d. Bourdieu 1995). Objektet står då fram som eit system av relasjonar. Først når ein har eit tilstrekkeleg meiningsfullt kart over dette systemet av relasjonar, kan ein vende seg mot meir avgrensa studium og fenomenologisk baserte tolkingar. Forskaren kan då trekkje slutningar som kan sjå ut til å liggje nær kvardagsforståinga av dei enkelte elementa og fenomena, men tolkinga får ei anna meining

[182] Ein annan føresetnad for og forklaring på spreiinga av korrespondanseanalyse i den engelskspråklege verda er at metoden har vorte inkludert i store statistikkpakkar som til dømes BMDP 1988 og SPSS 1990 (jf. Greenacre & Blasius 1994).

takka vere kunnskapen om det systemet av relasjonar som samlar elementa. Ifølgje Bourdieu er det å knyte eitt isolert punkt i det sosiale rommet til eitt punkt i det språklege rommet, å kortslutte analysen. Analyseteknikkar som t.d. bivariat korrelasjonsanalyse står i fare for å redusere heterogene data til eindimensjonale variablar og enkle samanfattande sifferverdiar som skjuler viktige multidimensjonale samanhengar. Viss vi skal følgje Bourdieu, er det derfor systemet av relasjonar mellom sosiale posisjonar som må relaterast til systemet av relasjonar mellom språklege trekk, slik at mønsteret av relasjonar kan tre fram.

Hos Bourdieu møter ein førestellinga om ein samanheng, eller koherens, mellom sosiale distansar og den indre symbolske grammatikken eller semantikken som tilordnar førestellingar og haldningar. Ordspela rundt "*position, disposition, prédisposition"* og liknande omgrep hos Bourdieu uttrykkjer denne samanhengen. Ein sosiolingvist vil kunne argumentere langs dei same linene: Eit lingvistisk system varierer innan visse gitte rammer. Variasjons-moglegheitene, slik dei blir observerte og kartlagde, uttrykkjer ein *habitus* som er koherent med andre sosiokulturelle og økonomiske (pre)disposisjonar (jf. kap. 5, pkt. 5.2.4 for ein diskusjon av habitusomgrepet).

Korrespondanseanalyse har sine røter i den kjende statistikaren Karl Pearson (1857-1936) sine arbeid. Men den franske statistikaren Jean-Paul Benzécri og krinsen rundt han blir ofte tilskriven æra for utviklinga av korrespondanseanalysen på midten av 1960-talet. Benzécri sitt utgangspunkt var eit ønskje om å lage ein *induktiv* og *ekplorerande* teknikk for analyse av lingvistiske data, i opposisjon til meir deduksjonistisk orientert lingvistikk. Det gjeld først og fremst Noam Chomskys deduksjonistiske tesar om språkets djupstruktur, og meir generelt alle *a prioriske* modellar om språkets natur (Broady 1991:486). I boka *Histoire et préhistoire de l'analyse des données* (1976) argumenterer Benzécri sterkt for ein såkalla "distribusjonell språkteori". Benzécri såg føre seg ein metode der lingvisten skulle samle store mengder lingvistiske data i ein stor tabell. På basis av denne tabellen skulle ein deretter, på induktivt vis, trekkje slutningar om lingvistiske system sin natur og struktur.[183]

Metodane og teknikkane til Benzécri og etterfølgjarane hans gjer det mogleg for forskaren å skaffe seg overblikk over store mengder data. Desse dataa kan vere av svært

[183] Benzécri såg vel å merke ikkje på seg sjølv som empirist, og hans induksjonisme må ikkje forvekslast med den naive empirismen. Benzécris induksjonistiske haldning heng saman med ein anti-a-priorisme som dels ligg nær den historiske epistemologiens kritikk av den tradisjonelle subjektfilosofien, cartesianismen og kantianismen.

forskjelligarta og ofte kvalitativ karakter, men er likevel relaterte til eit felles objekt og samla i ei stor datamatrise. Innafor korrespondanseanalysen har ein altså høve til å slå saman så ulikarta data som t.d. sosiokulturelle bakgrunnsdata, haldningsdata og lingvistiske observasjonar i ein og same tabell. Felles for desse dataa er at dei refererer til eit felles objekt, t.d. ei viss gruppe individ. Benzécri understrekar at data som blir analysert via klassisk korrespondanseanalyse, skal operere med homogene eigenskapar, dvs. eigenskapar som kan samanliknast. Det kan t.d. vere konsonantar kontra vokalar, augefarge kontra hårfarge eller alder kontra kulturell preferanse. Bak dette ønsket om homogenitet skjuler det seg ei forventing om at variablar som empirisk sett skildrar eitt og same saksforhold, *lettare* vil kunne avdekkje organiske samanhengar. Teknisk sett kan likevel korrespondanseanalyse brukast på alle tabellar som oppfyller numeriske minimumskriterium.

I motsetnad til andre statistiske, modellbaserte metodar tillet korrespondanseanalysen på enkelt vis å samanfatte mange observasjonar og mange variablar i ei einskapleg framstilling – eit biplot.[184] Metoden er derfor spesielt godt eigna som grunnlag for empirisk datadriven hypotese- og teoridanning, og har etter kvart fått mange teoretiske og praktiske bruksområde. Det har etter kvart også skjedd ei vidare foredling og spesialisering av metoden, og i den seinare tida er det påvist ein samanheng mellom såkalla nevralnettverksmodellar og korrespondanseanalyse.[185]

Prinsippa for korrespondanseanalysen kan vel å merke sporast lenger attende enn til Benzécri og har nær slektskap med teknikkar som klassisk faktoranalyse, prinsipal komponentanalyse, klyngeanalyse, multippel regresjonsanalyse, variansanalyse og loglineære modellar. Men i motsetnad til nokre av desse metodane ligg der ingen krav til teoretisk multinormal fordeling bak korrespondanseanalysen, slik det t.d. gjer i multippel regresjons- og variansanalyse (jf. pkt. 9.1.2 nedafor).

Han er sterkt kritisk til Descartes ideal om å reise kunnskapens hus på tabula rasa. Benzécri meiner derimot at tenking alltid skrir fram ut frå eit miljø, ikkje ut frå eit mål (jf. Broady 1991:516).

[184] Dette er ein openberr fordel i forhold til såkalla loginære analysar, som er i slekt med korrespondanseanalysen, men som ikkje kan framstille så mange variablar på ein praktisk og forståeleg måte. Loginære analysar gjer det dessutan ikkje mogleg å framstille *individa* i det same plottet, slik korrespondanseanalysen gjer.

[185] Nevralnettverksmodellar er kort fortalt statistiske modellar som blir brukte til klassifisering og mønster-gjenkjenning (jf. t.d. Rumelhart & McClelland 1986). I språkvitskapleg samanheng har desse modellane bl.a. vorte brukte for å simulere barns språkinnlæring (jf. Nøklestad 1996) og for å generere naturleg språk frå eit ikkje-språkleg utgangspunkt (jf. Hammervold 2001).

Internasjonalt er det kanskje særleg Michael Greenacre og Jörg Blasius som har medverka til å utvikle og utvide korrespondanseanalysen (jf. t.d. Greenacre 1984, 1993, Greenacre & Blasius 1994, 1998). Greenacre studerte under Benzécri og tolka, utla og spreidde hans dataanalytiske filosofi i den anglosaksiske verda. Dei som først og fremst har arbeidd med og skrive om korrespondanseanalyse i Noreg, er statistikaren og filologen Daniel Apollon, som i den seinare tid har arbeidd med å vidareføre korrespondanseanalyse-tilnærminga i nevralnettverkssamenheng, og sosiologane Johs. Hjellbrekke, Sten-Erik Clausen og Lennart Rosenlund (jf. t.d. Apollon 1990, Hjellbrekke 1999a, b, Clausen 1998, Rosenlund 1992).

9.1.2 Eksplorativ dataanalyse kontra modellbasert statistikk

Til forskjell frå tradisjonell statistikk, som primært kan seiast å vere eksplisitt modelldriven og konfirmerande, er korrespondanseanalyse først og fremst ein deskriptiv og *eksplorerande* analysemetode. Men grensa mellom det reint deskriptive og innbakte modellar er gjerne ikkje så skarp. I motsetnad til dei fleste multivariate analysemetodar går korrespondanseanalysen likevel ikkje ut frå ei underliggjande teoretisk fordeling, men representerer ein metodologisk filosofi som er basert på eit *induktivt* resonnement. Modellen skal følgje data, ikkje data modellen. Målet er å avdekkje *strukturen* (forstått som ei framstilling av kji-kvadratdistansar) i datamaterialet. Korrespondanseanalyse er på den måten ein "modellfri" metode, som ikkje legg føringar eller bindingar på materialet, og er som såleis ein god teknikk for ein eksplorerande dataanalyse. Men korrespondanseanalysen er, som andre statistiske modellar, underlagt klare numeriske og metriske avgrensingar, som t.d. lineær projeksjon på eit system av ortogonale, dvs. rettvinkla, koordinat. Denne typen analysar har som ambisjon å framstille eller representere datastrukturen som grunnlag for mogleg teoridanning. Forskingsprosessen kan skildrast som induktiv i den forstand at den tek utgangspunkt i empiri og let den styre vegen vidare: empiri –> data –> reduksjon visualisering –> tolking/validering –> modelltesting –> teoridanning (–> empiri). Ein meir deduktivt forankra forskingsprosess

tek i staden utgangspunktet i ein hypotese og ein teoretisk modell som ein ønskjer å teste data opp imot.[186]

Dei fleste andre statistiske analysemetodar er ikkje teorifrie på same måte som korrespondanseanalysen, men inneheld ein implisitt ontologi som blir uttrykt gjennom eksplisitte eller implisitte modellar. Eller som Bourdieu seier det:

> [...] various statistical techniques contain implicit social philosophies that need to be made explicit. When you perform a regression analysis, a path analysis, or a factorial analysis, you need to know what social philosophy you are bringing in, and more especially what philosophy of causality, action, the mode of existence of social things, and so on [...]. I make a lot of use of the analysis of correspondences, because I think it's an essentially relational technique whose philosophy entirely corresponds to what social reality is in my view. It's a technique that "thinks" in terms of relationships, as I try to do with the idea of the field. (Bourdieu & Krais 1991:254).

Korrespondanseanalysen impliserer ingen kausale samanhengar mellom kategoriar, men avslører polaritetar, affinitetar og tiltrekningar. Godt representert nærleik kan likevel i visse tilfelle tolkast kausalt eller sam-kausalt, men utan forsøk på å framstille kausalitetsstrukturen. Metoden viser dei relative relasjonane mellom dei ulike variablane, mellom individa og mellom individa og variablane (når alle tolkingsreservasjonar er tekne omsyn til). Det grafiske biletet som er resultatet av ein korrespondanseanalyse, må derfor lesast *relasjonelt*.

Ein av fordelane med korrespondanseanalyse i høve til andre multiple analysemetodar er altså at han er datadriven og induktivt basert. Ein annan fordel er at arbeidsmetoden er utforskande og dynamisk. Det vil seie at ein kan leggje til og trekkje frå variablar undervegs i analysen for å utforske ulike aspekt, og slik gjere grafen mindre kompleks, samtidig som dei opphavlege hovudtrekka i analysen blir tekne vare på. Ein kan også prøve ut ulike kodings-kategoriar (t.d. ved å variere diskretiseringa av kontinuerlege variablar). Dersom det t.d. skulle vise seg at ein faktor blir bestemt så å seie utelukkande av éin variabel, kan denne variabelen omdannast til ein *illustrativ* variabel. Både variablar og individ kan vere såkalla illustrative element. Slike illustrative variablar kan haldast utafor analysen når dimensjonane blir konstruerte, men leggjast inn i grafen etterpå. Dermed kan dei brukast til å teste utfallet av analysen. Det kan dreie seg om variablar eller individ der data er upålitelege eller svar-frekvensen låg, eller det kan vere variablar som er så ekstremt differensierande at dei "slår i

[186] Ein av hovudinnvendingane mot korrespondanseanalyse gjeld nettopp dette at analysemetoden først og fremst er eksplorerande, og at han ikkje inneheld teoretisk funderte føremeiningar om korleis variablane skal analyserast i høve til kvarandre. Det er likevel mogleg å drive med hypotesetesting innafor denne analysemetoden, men dette er relativt nye utviklingar innafor korrespondanseanalysen (jf. Blasius 1994).

hel" alle andre samband. Den sistnemnde varianten blir gjerne kalla for *uteliggjarar*. Ein uteliggjar er eit godt representert punkt som i ekstrem grad er med på å strukturere danninga av aksane, men som oppfører seg svært anormalt og ligg langt unna alle andre punkt. Eksempel på ein slik uteliggjar finn vi t.d. i figur 9.4 nedafor, der vi kan sjå at Alva fungerer ekstremt differensierande og er den som medverkar sterkast til etableringa av aksane i data-settet (jf. pkt. 9.2.4). Ho er derfor plukka ut av analysen, men har her vel å merke ikkje vorte plassert inn att som illustrativt ekstrapunkt i det nye grafiske biletet (jf. pkt. 9.2.5, fig. 9.5).

Ein annan fordel med korrespondanseanalyse er at data held på sin kvalitative karakter gjennom heile analysen (jf. kap. 5, pkt.5.5.3). Både korrespondansekarta og tabellane som er resultata av analysen, har mindre interesse for samanfattande sambandsmål enn for korleis dei enkelte elementa relaterer seg til kvarandre. Hovudmålet for analysen er med andre ord å avdekkje komplekse system av relasjonar i staden for hypotesetesting og kvantitative korrelasjonsmål. Dette er opplagt ein avgjerande skilnad i høve til hovudstraumen av statistiske analysemetodar som blir brukte innafor samfunnsvitskapane, og også innafor sosiolingvistikken, som t.d. bivariate korrelasjonsanalysar, klassisk faktoranalyse eller multiple lineære regresjonsanalysar.[187]

Ein siste viktig fordel og kanskje den fremste styrken til korrespondanseanalysen er likevel det ein-, to- eller tredimensjonale grafiske kartet som er hovudresultatet av analysen. Dette kartet er umiddelbart og intuitivt forståeleg og etter måten lett tilgjengeleg. Men i det same kartet ligg det fleire fallgruver. Nettopp det at korrespondansekartet er så tilsynelatande lett tilgjengeleg, kan føre til feil- eller overtolkingar av kartet. Som eg vil kome attende til nedafor, skal ein t.d. vere varsam i tolkinga av punkt som ligg nær kvarandre og passe på å tolke klynger av punkt opp mot kvarandre i staden for enkeltpunkt.

[187] Broady (1991:525) forklarer den overveldande dominansen til dei hypotesetestande statistiske metodane innafor den anglo-amerikanske samfunnsvitskaplege tradisjonen med positivismens og scientismens kvelande grep kring human- og sosialvitskapane. Desse formalistiske straumdraga harmonerte med etterkrigstidas planleggingsideologi. Politikarar og byråkratar trong samanfattande kvantitative mål til ammunisjon i stridane innafor det administrative og politiske feltet, ikkje kartlegging av komplekse system av relasjonar. Desse dominansforholda har ifølgje Broady truleg vore til hinder for samfunnsvitskapane – og vi kan kanskje leggje til sosiolingvistikken – si utvikling på våre breiddegrader.

9.1.3 Prinsippa bak korrespondanseanalyse

Korrespondanseanalyse er altså ein metode for analyse av komplekse datamatriser, der målet er å avdekkje og visualisere den underliggjande strukturen i desse matrisene ved hjelp av eit grafisk bilete. Det finst fleire variantar av korrespondanseanalyse, men det er vanleg å skilje mellom to hovudformer: e*nkel* (eller *klassisk*) og *multippel* korrespondanseanalyse (jf. Hovden 1997). Den førstnemnde varianten kan berre nyttast for analyse av tovegs krysstabellar, medan multippel korrespondanseanalyse er ei generalisering av modellen, som gjer det mogleg å analysere multivariate tabellar. Utgangspunktet for ein enkel korrespondanseanalyse er store kryss- eller frekvenstabellar med numerisk informasjon. Vanlegvis vil utgangspunktet vere at ein ønskjer å skildre ein spesifikk variabel. Det kan t.d. vere at ein vil vurdere variabelen "fritidsaktivitetar", med kategoriar som "køyre skuter" og "stå på snowboard", opp mot beskrivande variablar som alder, kjønn, utdanning osb. Her har vi altså variablar som skal beskrivast på den eine sida og beskrivande variablar på den andre.

Ved multippel korrespondanseanalyse vil utgangspunktet for analysen vere fullt binære, såkalla *disjunktive* tabellar, eller Burt-matriser. Her vil ein ha fleire kategoriske variablar som alle har same status, og som alle blir analyserte samtidig. Multippel korrespondanseanalyse kan analysere data på respondentnivå. Det vil seie at ein kan ha ein tabell der enkeltindivid utgjer rekkjene, medan kolonnane inneheld ulike svarkategoriar som t.d. bruk av ein viss språkleg variabel eller tilhørsle i ulike sosiale kategoriar. I ei slik matrise, som gjerne blir kalla for ei indikatormatrise, er kvar rekkje ei skildring av ein spesifikk informant. Det gjer det mogleg å tolke plasseringa til dei enkelte informantane i den grafiske framstillinga og samanlikne informantane med kvarandre.

Både enkel og multippel korrespondanseanalyse byggjer stort sett på den same grunnleggjande logikken og matematikken, og tolkinga av karta og resultattabellane er òg i hovudsak den same (jf. Hovden 1997). Slik Hovden (op. cit.) seier det, finst det fleire variantar av multippel korrespondanseanalyse, men utgangspunktet er alltid det same, nemleg omkoding av ei variabelmatrise til ei ny krysstabulær form. Dette kan gjerast på ulike måtar, og dei ulike metodane har litt ulike formlar og eigenskapar. Strukturane ein får fram, vil likevel stort sett vere dei same (jf. Hovden http://www.fou.uib.no/fd/1998/h/710001/vedg.htm: G1.4).

I analysane av røros- og tynsetmaterialet har det vorte brukt ein kombinasjon av enkel og multippel korrespondanseanalyse, men med hovudvekt på den sistnemnde analysemetoden

(sjå http://folk.uio.no/unnr/avhandling/ for ei framstilling av tabellane som har vorte brukte som input i analysane).[188] Informasjonen i tabellane er her ulike individ og eigenskapar eller kjenneteikn ved desse individa. Radvis i tabellen finn ein alle informantane på Røros og Tynset og kolonnevis opplysningar om kvar enkelt av dei er ung eller vaksen, gut/mann eller jente/kvinne, bus eller soss, lokal eller urban osb. Vidare finn ein også kolonnevis frekvens-opplysningar som gjeld talet på lokale kontra nivellerte former hos den enkelte informant.

Via korrespondanseanalysen blir denne informasjonen transformert og resultata presenterte grafisk ved at dei ulike variabelkategoriane (rekkjene og kolonnane i tabellen) kjem til syne som punkt eller skyer av punkt i eit lågdimensjonalt rom – det såkalla korrespondansekartet. Det grafiske biletet gjer det lettare å tolke *relasjonane* i store datatabellar. Slik multidimensjonal datautforsking kan brukast på to eller fleire kvalitative (kategorielle) variablar. Kvar statistisk eining blir skildra undervegs i analysen som profilar, radvis og kolonnevis. Alle elementa blir handsama som uavhengige kategoriar anten det er ein konkret enkeltinformant, den sosiale dimensjonen jente eller ein gitt språkleg kategori. Korrespondanseanalysen gjer ingen forskjell mellom "individ" (i dette tilfellet informantar på Røros og Tynset) og "variablar" (språklege og sosiale kategoriar). Alt blir handsama som "modalitetar", og korrespondanseanalysen tillet at dataprogrammet teiknar inn alle modalitetar – både individ og variabelverdiar – i same kart.[189] Alle opplysningane blir ordna "flatt" i forhold til ein multivariat tabellanalyse slik at *n*-vegs-kompleksiteten blir framstilt spatialt, dvs. at variablane blir ordna ved å ta omsyn til kombinasjonane av alle verdiane til dei uavhengige variablane. På den måten kan ein avgjere kva for ein uavhengig variabel som gir størst bidrag til variasjonen i ein annan gitt uavhengig variabel.

Teknikken bak korrespondanseanalysen byggjer på logikken som er kjent frå klassisk kji-kvadratanalyse av krysstabellar, dvs. avviket mellom dei observerte og dei forventa

[188] Korrespondanseanalyseprogrammet som har vorte brukt her, er utvikla av Daniel Apollon, UiB/AKSIS. Programmet byggjer på tidlegare Analytica og er no implementert som ei vidareutvikling av The SOM Toolbox (http://www.cis.hut.fi/projects/somtoolbox/). Programmet er dessutan integrert med fleire andre metodar (Kohonen Self Organizing Feature Map, PCA, PLS, PCOORD, metrisk og ikkje-metrisk multidimensjonal skalering, kurvilineær komponentanalyse CCA).

[189] Dette blir gjort via ein overgangsformel (*formule de transition)* mellom rekkje- og kolonnepunkt og gjeld vel å merke først og fremst for den klassiske korrespondanseanalysen av krysstabellar, og i mindre grad for multippel korrespondanseanalyse av såkalla Burt-tabellar, der rad- og kolonnefortolkingane følgjer ulike reglar (jf. Gower & Hand 1996).

verdiane i cellene i ein krysstabell.[190] Dette avviket, vekta etter kategoriane sine individuelle bidrag til den totale fordelinga i matrisa, blir nytta til å plassere kvar rekkje- og kolonne-kategori frå krysstabellen i ei mangedimensjonal punktsky, der avstanden mellom kvart punkt svarar til den vekta kji-kvadratavstanden i tabellen (jf. Hovden 1997). På grunnlag av den *relative* posisjonen mellom punkta kan ein tolke resultatet som dimensjonar eller som klynger av individ og klynger av eigenskapar i rommet, noko som igjen kan opne for felttenking. Kort avstand mellom to kategoriar impliserer at dei har ei viss dragning mot kvarandre, og tyder såleis på at kategoriane relativt ofte opptrer saman, eller korresponderer, og på den måten kanskje utgjer eit sosialt felt. Stor avstand mellom kategoriar, derimot, tyder på at dei sjeldan korresponderer. Ekstremt stor avstand, t.d. langs førsteaksen, tyder at desse eigenskapane genererer den viktigaste eller mest openberre variasjonen i datasettet. Klyngedanningar rundt origo, derimot, viser lågt bidrag til totalvariansen i kji-kvadratdistansesamanheng.

Korrespondanseanalysen prøver å finne dei dimensjonane eller aksane i punktskya som mesteparten av spreiinga ligg langs, og som gjer det mogleg å visualisere hovudopposisjonane i matrisa. Desse aksane er ortogonale (rettvinkla), og uavhengige av kvarandre. Dei utgjer ikkje faktorar i faktoranalytisk forstand, men eit koordinatsystem som produserer ei redusert, lågdimensjonal framstilling av det opphavlege datasettet. Korrespondanseanalysen forsøkjer å avdekkje og forstå følgjande trekk ved eit materiale (jf. Apollon 2003):

- Likskap og ulikskap mellom individ og karakteristika
- Avstand og nærleik mellom respondentprofilar og spørsmål
- Stor eller lita utbreiing *kontra* informasjonsverdi
- Tettleik og spreiing; klyngedanningar, grupperingar, felt

Som nemnt gjer korrespondanseanalysen det mogleg å sjå totaliteten av relasjonar mellom variablar og variabelkategoriar, noko som er spesielt interessant innafor sosiolingvistikken, sidan vi her normalt står overfor komplekse situasjonar der mange variablar verkar samtidig. Enkel bivariat statistikk (to og to variablar i gongen), eller korrelasjonsanalyse, er den metoden som har vore mest brukt innafor tradisjonell sosiolingvistisk variasjonsforsking.

[190] Kji-kvadrattesten testar for homogenitet (jf. kap. 8, pkt. 8.1). Kji-kvadratdistansen er ein vekta Euklidsk distanse, dvs. kvadrerte distansar mellom koordinatar i rommet dividert med gjennomsnittsprofilen. Tregleik eller inertia, som er eit anna viktig mål innafor korrespondanseanalysen, er eit vekta gjennomsnitt av dei kvadrerte kji-kvadratdistansane mellom rekkeprofilane og deira gjennomsnittsprofilar. Omgrepet inertia er henta frå mekanikken, der det grovt sagt er eit mål på den motstanden eit objekt yter når det blir sett i rørsle, eller får endra farten eller retninga på rørsla (jf. Hjellbrekke 1999a:33).

Denne metoden gir inga fullstendig oversikt over materialet, men framstiller berre to og to variablar i gongen. Dermed overlet ein til forskaren å gjenskape, ofte på impresjonistisk vis, heilskapen i datagrunnlaget. Korrespondanseanalysen, derimot, gir ei empirisk heilskaps-framstilling.

Enkel bivariat statistikk blir likevel også brukt i delar av denne avhandlinga for å sjå på variantfordelinga til dei enkelte språktrekka i høve til nokre av dei sosiale dimensjonane som stad (Røros kontra Tynset) og alder (unge kontra vaksne) (jf. kap. 8). Men denne metoden er altså ikkje i stand til å gi eit *samanfattande* bilete av komplekse samanhengar og problemstillingar og heller ikkje å vise *relasjonane* mellom dei ulike variabelkategoriane. Multivariate dataanalysar som korrespondanseanalyse, derimot, er i stand til å handsame mange variablar og observasjonar samtidig og samanfattar i synoptisk form store mengder informasjon, som blir presentert som eit kart over systemet av relasjonar. Etter å ha kartlagt meir isolerte samanhengar er korrespondanseanalyse derfor ein opplagt metode å gå vidare med for å få eit meir overordna bilete av datamaterialet. Det har synt seg at multivariate modellar jamt over oppsummerer meir av den totale variasjonen enn det enkle bivariate modellar er i stand til (jf. Apollon 1990). Ved hjelp av ein slik utforskande dataanalyse blir det altså mogleg å oppsummere store datamengder og samtidig halde på det meste av informasjonen i materialet. Det å stoppe analysen ved den bivariate korrelasjonsanalysen vil dermed, etter mi meining, vere både utilfredsstillande og avgrensande.

Ei sosiolingvistisk gransking består vanlegvis av mange variablar som skal karakterisere eit individ. Kvart individ er derfor eit mangedimensjonalt punkt i rommet av alle variablane, og kvar variabel er eit mangedimensjonalt punkt i individrommet. Ideen bak korrespondanse-analysen, og andre mulitvariate analysemetodar, er å forenkle slike komplekse data, kanskje så mykje som 400 observasjonar, langs 40 variablar. Ved å transformere dataa til eit mindre sett syntetiske variablar blir dimensjonaliteten, dvs. talet på aksar i datasettet, redusert. Kvart punkt blir vekta og får si plassering etter koordinatar og har på den måten ein vekta posisjon i koordinatsystemet. Kvart punkt er såleis eit vekta gjennomsnittspunkt, eller ein såkalla *sentroide*. Dei ulike variablane eller punkta vil ha ulik innverknad på analysen. Dette skuldast mellom anna at dei har ulike masse, eller vekt. Punkt med stor masse spelar ei større rolle for lokaliseringa av det vekta gjennomsnittet enn punkt med liten masse. Derfor vil det vekta gjennomsnittet – origo eller *barysenteret* – ligge nærast dei punkta som har høg masse.

Barysenteret fungerer som eit gravitasjonspunkt, dvs. det punktet alle andre punkt orienterer seg etter (jf. Hjellbrekke 1999a:29). Kategoriar som ligg nær gjennomsnittet for heile tabellen, og som har ein profil som liknar marginalfordelingane for heile materialet, blir plasserte nær origo, medan kategoriar som er sterkt avvikande frå gjennomsnittet, vil hamne langt vekke frå origo. Framstillinga av kolonnepunkta uttrykkjer eit såkalla prediksjonsområde eller eit slags tiltrekkingsområde, noko som igjen kan knytast til Bourdieus feltbegrep (jf. kap. 5, pkt. 5.2.4).

Ein korrespondanseanalyse dekomponerer *variansen,* eller med andre ord *inertiaen* eller *tregleiken,* i datasettet. Geometrisk sett kan intertia tolkast som eit mål på kor stor *spreiing* det er av punkta og profilane i det multidimensjonale rommet. Dess høgare intertiaverdien er, dess større spreiing og dermed polarisering er det av punkta i datasettet. *Forma* på spreiinga kan vel å merke vere like viktig som *mengda* av spreiing. Godt skilde klynger er t.d. oftast lettare å tolke enn eit baneforma kontinuum. Som vi hugsar, er punkt som hamnar nær origo, like gjennomsnittet. Stor spreiing – og dermed høg intertiaverdi – betyr at punkt ligg lenger borte frå origo og dermed er meir interessante og lettare å tolke enn punkt som ligg nærare origo. Ei sosiolingvistisk gransking har som regel ein relativt høg datadimensjonalitet, dvs. mange rekkje- og kolonnekategoriar, men ein mykje lågare *latent* dimensjonalitet; eit *subrom*. Ved hjelp av korrespondanseanalysen søkjer ein å oppdage denne latente låge dimensjonaliteten, helst to eller tre dimensjonar, som ligg tett opp til nesten alle punkta og som dermed kjem nærast mogleg det fulle rommet. Analysemetoden søkjer med andre ord å finne den kombinasjonen av syntetiske variablar som forklarer mest mogleg av den totale variasjonen i datamaterialet innafor ein så låg dimensjonalitet som mogleg, dvs. ved hjelp av så få dimensjonar eller aksar som mogleg. Variasjonen blir dekomponert, slik at den er størst langs den første aksen for så å minke gradvis langs dei lågare aksane, heilt til all inertia er oppsummert. Den første dimensjonen fangar opp dei mest framtredande motsetnadene i materialet. Den neste dimensjonen fangar så opp delar av dei motsetnadene som den første aksen ikkje har klart å uttrykkje osb. Dette betyr at den strukturen som utgjer dei sterkaste avvika frå gjennomsnittet, blir representert ved dei to første aksane i diagrammet. Seinare aksar representerer svakare avvik. Dei siste faktorane representerer berre slike avvik som er umoglege å tolke, og som dermed blir rekna som "støy". Aksane er på denne måten eit uttrykk for dei polariseringane som finst i materialet.

Etter at vi har projisert dei ulike variabelpunkta på subrommet, må vi vurdere om

projeksjonen er ei god tilnærming til det fulle, men uforståelege rommet. Ei slik låg-dimensjonal framstilling gjer det mogleg å visualisere data, og forenklar forståinga av data. Målet er å halde på framstillingskvaliteten, slik at så mange punkt som mogleg held på den same relative avstanden til andre punkt. Dessutan er det eit mål å identifisere dårlege projeksjonar, dvs. variabelpunkt som er dårleg representert i det lågdimensjonale subrommet. Det er også eit mål å kunne måle kor *riktig* heile projeksjonen er, og identifisere kva for punkt som medverkar mykje eller lite til å nå dette målet. Punkt som yter mykje, blir godt illustrerte og forklarte i subrommet, medan punkt som yter lite, er dårlegare illustrerte og forklarte.

Det er eit prinsipp innafor korrespondanseanalyse at analysen føretrekkjer punkt med få respondentar, små grupper eller låge frekvensar. Ettersom korrespondanseanalysen er på jakt etter systemet av relasjonar, er desse punkta vel så interessante som større grupper eller høgare frekvensar. For å oppjustere sjeldne førekomstar opererer korrespondanseanalysen derfor med motsett vekting. Det betyr t.d. at språktrekk med få belegg vil kunne bli tillagt like stor vekt som språktrekk med mange belegg.

Ein sosiolingvist kan til dømes ønskje å teste om og på kva måte sosiokulturelle data er knytt til ulike realiseringar av fonem innafor eitt og same språkområde. Ved hjelp av korrespondanseanalyse kan sosiolingvisten produsere korrespondansekart som gir ei samla framstilling av t.d. informantar, deira lingvistiske produksjon og deira sosiokulturelle bakgrunn. I analysen vil dei språklege og dei sosiale variablane bli projiserte kvar for seg i eit separat geometrisk rom, men takka vere analysens overgangsformel vil desse to geometriske romma kunne førast saman ved ei skalering innafor ei og same grafiske framstilling. Dei språklege og dei sosiale variablane vil opptre som ei sky av punkt innafor det same rommet. Kvart punkt får som nemnt si plassering etter vekta koordinat. Språklege variabelpunkt som høyrer saman med sosiale variabelpunkt, vil trekkje mot dei same områda av rommet og dermed avsløre gjensidig affinitet. Korrespondanseanalysen forsøker vel å merke ikkje å fram-stille eller kalkulere variabelinteraksjon. Ein slik utforskande analyse av eit sosiolingvistisk materiale vil ofte skape behov for ein stadfestande analyse. Sjølv om korrespondanseanalyse kanskje kan seiast å ha eit visst forklaringspotensiale innebygd i seg, er det først og fremst ein *utforskande* metode. Dermed vil dei mønstra korrespondanseanalysen avdekkjer, igjen måtte bli gjenstand for analyse. Men den forenklinga av data som korrespondanseanalysen gir, vil auke forståinga av datasettet og dermed lette vidare tolking og forklaring.

9.1.4 Tolking av korrespondansekarta og tabellane

Korrespondanseanalyse er altså først og fremst ein arbeidsreiskap og må ikkje oppfattast som ei direkte avteikning eller ei kausalforklaring av røyndomen. Kvaliteten til kodingane er heilt avgjerande for kvaliteten til dei grafiske representasjonane i korrespondansekartet ("garbage in, garbage out"-prinsippet). Korrespondanseanalyse opererer med såkalla diagnostiske mål på bl.a. representasjonskvalitet. Ved tolkinga av korrespondansekarta er det viktig å ta med slik informasjon frå tabellane som ikkje kjem fram i grafen. Ut frå grafen åleine får vi t.d. ikkje vite kor mykje kvart enkelt punkt yter til kvar av dimensjonane i kartet, og kor mykje dimensjonane yter til punkta. Dette er viktige tal å ta med i analysen. Punkt som er godt referert og "forklart", yter mykje, og punkt som er dårleg referert, yter lite (jf. pkt. 9.1.3). Oftast vil det vere ein samanheng mellom kva for punkt som yter høge absolutte bidrag til konstruksjonen av aksane, og kva for punkt som mottek høge relative bidrag frå dei same aksane. For å tolke resultata treng vi altså informasjon om: 1) Kva for kategoriar som har vore viktigast for konstruksjonen av aksane i rommet (punktbidrag til aksane). 2) Kor godt desse aksane er i stand til å skildre posisjonen til kvart enkelt punkt i det same rommet (aksebidrag til punkta) (jf. Hjellbrekke 1999a:41). Dette fører oss over på motsetnaden mellom *forklarande* og *forklarte* punkt. Generelt er alle punkt med absolutte bidrag over gjennomsnittet å oppfatte som "forklarande" punkt, medan alle punkt som mottek høge relative verdiar frå ein akse, er å oppfatte som "forklarte" punkt. Desse omgrepa må her vel å merke ikkje forståast i klassisk statistisk eller i kausalanalytisk forstand. Omgrepsparet "forklarande" kontra "forklart", viser altså her til samverknaden mellom aksar og punkt.

Dei grafiske moglegheitene innafor denne teknikken kan verke villeiande. Derfor er det viktig at grafane ikkje blir gjenstand for ei *for* naiv og "realistisk" tolking, og at ein ved tolking tek i bruk dei diagnostiske kriteria som korrespondanseanalysen opererer med. Grafane i ein korrespondanseanalyse viser som oftast to- eller tredimensjonale projeksjonar. Det betyr at punkt frå ulike punktsett (ulike variablar) som ligg nær kvarandre på ein viss graf, t.d. ein todimensjonal graf, ikkje treng å liggje nær kvarandre dersom vi vel å konstruere ein graf ved hjelp av tre dimensjonar. Derfor er det generelt mindre risikabelt å tolke store avstandar enn å tolke nærleik mellom punkt frå ulike punktsett i kartet. Men lange avstandar mellom t.d. punkt a og b i ein to- eller tredimensjonal projeksjon *kan* framstå som korte i hovudplanet, på grunn av synsvinkelens "blendingseffekt". For å vere sikker på at punkt ikkje er feilprojisert og

dermed blir feiltolka, kan det derfor vere lurt å sjå på punkta si plassering i ulike grafiske projeksjonar. Dersom ein ser på forholdet *mellom* variabelsetta, må punkt frå eitt kategorisett tolkast utifrå sin relative posisjon i forhold til alle punkta i det andre variabelsettet. Innafor eitt og same punktsett kan ein likevel tolke avstanden mellom dei ulike punkta direkte; spreiinga av punkta i kartet er eit direkte uttrykk for likskapar og ulikskapar mellom kategoriane i ein og same variabel (jf. Hjellbrekke 1999a:41). For å unngå å feiltolke punkt som er dårleg projiserte i grafen, er det viktig å sjekke punktbidraga i tabellane. Her vil vi kunne avdekkje om punkt frå ulike punktsett som har lite til felles, har hamna oppå kvarandre i den todimensjonale projeksjonen. Desse vil då eventuelt kunne hamne lenger vekk frå kvarandre i ein tredimensjonal projeksjon.

Det at to punkt i eit korrespondansekart hamnar nær kvarandre, betyr at desse punkta relativt sett korresponderer betre enn punkt som ligg langt unna kvarandre. Det betyr likevel *ikkje* at punkt som ligg langt unna kvarandre, aldri opptrer i lag, men at dei gjer det relativt sett mykje sjeldnare enn punkt som ligg fysisk sett nær kvarandre i det geometriske rommet. Dersom vi følgjer Bourdieus relasjonelle tankegang, blir eit språktrekk definert av sin relasjon til andre språktrekk, og sosiale kategoriar blir definerte utifrå sin relasjon til andre sosiale kategoriar. Det å kople bruken av eit visst språktrekk direkte til ein viss sosial kategori, t.d. bruk av standardtrekk med middelklassekvinner, slik det har vore vanleg innafor den variasjonistiske sosiolingvistikken, er om vi følgjer Bourdieu, å kortslutte analysen. Den relasjonelle tankegangen og arbeidsmetoden skil seg på den måten frå den typen sosiologi – og den typen sosiolingvistikk – som gjer *direkte* koplingar mellom visse grupper på den eine sida og den same gruppa sin livsstil, forbruksmønster eller språkbruk på den andre. Ved bruk av korrespondanseanalyse lyt ein tolke relasjonen mellom det eine settet av variablar, t.d. dei språklege variablane, for seg, og relasjonane mellom det andre settet av variablar, t.d. ulike sosiale kategoriar, for seg. Ein kan ikkje tolke nærleiken mellom eit språkleg variabelpunkt og eit sosialt variabelpunkt som eit *direkte* uttrykk for at desse høyrer saman. Derimot kan ein tolke *grupper* av språklege og sosiale kategoriar som ligg nær kvarandre, som uttrykk for gjensidig affinitet og felttilhørsle. Generelt er det likevel som sagt tryggare å tolke *avstandar* og *polaritetar* innafor korrespondanseanalysen enn nærleik og affinitetar mellom variabelsett. For ei vidare innføring i dei meir tekniske og matematiske sidene ved korrespondanseanalysen sjå t.d. Hjellbrekke 1999a.

9.1.5 Kvifor korrespondanseanalyse i sosiolingvistikken?

Eg meiner at korrespondanseanalyse potensielt kan vere ein svært veleigna reiskap, som kan ha mykje å tilføre den typen sosiolingvistiske endringsstudiar som denne avhandlinga representerer, både fordi den gir eit samanfattande heilskapsbilete av materialet og fordi den set fokus på relasjonen mellom ulike variablar, språklege som sosiale. Det betyr vel å merke ikkje at eg vedkjenner meg alle sidene ved Benzecris induksjonistiske epistemologi eller Bourdieus relasjonistiske sosiologi. Etableringa av dei ulike variabelkategoriane i denne granskinga skil seg bl.a. noko frå ideala til Benzecri og Bourdieu (jf. kap. 6).

Eit av dei mest sentrale utgangspunkta for mi gransking er at diakrone prosessar kan speglast i synkrone generasjonsforskjellar. Bak variabelen *alder* ligg det dermed implisitt ein hypotese om at folk ikkje endrar språk nemneverdig gjennom livsløpet (jf. kap. 4, pkt. 4.1, 4.3). Også dei fleste av dei andre variablane er etablerte med utgangspunkt i ulike hypotesar, teoretiske vurderingar og erfaringar frå tidlegare forsking. Visse aprioriske føresetnader, hypotesar og teoriar ligg såleis til grunn for etableringa av dei ulike variabelkategoriane. Fleire av dei variabelkategoriane som blir nytta her, kan dessutan seiast å vere noko meir aggregerte enn det som er idealet i Bourdieus sosiologiske granskingar. Det gjeld t.d. kategoriane akademisk kontra ikkje-akademisk bakgrunn og likeins gruppetilhørsle. Dermed kan ein stå i fare for å ha etablert for heterogene kategoriar. Denne potensielt negative verknaden av aggregerte variablar blir likevel nøytralisert ved at eg har mange og til dels overlappande variablar som vektlegg noko ulike aspekt ved den sosiale røyndomen i dei to granskings-områda (jf. kap. 6, pkt. 6.2).


Bourdieu er, som vi har sett, svært kritisk til bruk av bivariat statistikk, som han meiner kortsluttar analysen og umogleg gjer ei framstilling av strukturelle forhold. Eg ser det likevel ikkje som noko problem å bruke bivariat korrelasjonsstatistikk, så lenge denne ikkje blir brukt åleine som analysereiskap. Dei ulike grunnane til at korrespondanseanalysen kan vere ein god reiskap i sosiolingvistiske granskingar, meiner eg å ha argumentert for i fleire av punkta ovafor. Oppsummeringsvis kan ein likevel gjenta nokre av dei mest sentrale poenga: Denne analyseforma gjer det mogleg å skaffe seg oversyn over totaliteten av *relasjonar* i datamaterialet, danne nye hypotesar på basis av denne kunnskapen og medverke til teoretisering kring nye problemstillingar.

9.2 Korrespondanseanalyse av Røros og Tynset

I denne delen av analysen vil eg presentere og diskutere korrespondanseanalysar av dei språklege og sosiale variablane på Røros og Tynset. I dei fleste korrespondansekarta vil ikkje berre variablane, men også informantane kome til syne som punkt i det fleirdimensjonale rommet. Enkelte kart framstiller alle individa og variablane samla, medan andre kart tek føre seg visse grupper for seg. Framstillinga nedafor vil til ein viss grad bere preg av å vere ei vandring gjennom data, og ei utlegging og forklaring av karta. Eg tillet meg å gjere dette nokså detaljert, sidan bruk av korrespondanseanalyse er ein relativt ukjend tilnærmingsmåte innafor sosiolingvistikken (jf. pkt. 9.1.1 og kap. 5, pkt. 5.5.3). Etter det eg kjenner til, har korrespondanseanalyse ikkje vorte brukt tidlegare korkje på eit norsk eller nordisk sosiolingvistisk materiale. Det er altså også eit poeng her å illustrere bruken av denne statistiske analysemetoden. Samtidig ønskjer eg sjølvsagt å heve framstillinga noko frå detaljplanet, og kome inn på kva for meir overordna teoretiske implikasjonar som kan trekkjast ut av analysane.

9.2.1 Språklege variablar på Røros

Figur 9.1 nedafor viser eit korrespondansekart over variantfordelinga av dei ulike språklege variablane på Røros. I det same kartet ser vi korleis rørosinformantane plasserer seg i forhold til dei ulike variantane. Kartet viser altså både den språklege verda og individverda. Den språklege verda er både fysisk og symbolsk på same tid, og er sett saman av einingar som disponerer ein viss "fonetisk energi" (intertia) som er med på å avgjere kor resistente dei lokale språktrekka er. Individverda har ein sosiokulturell energi som er vevd saman av ei personleg språkleg verd (individets realisering av fonem/morfem/leksem) og ei kollektiv språkleg verd (individets realiseringar pluss individets førestellingar om andres realiseringar). Den lokale varianten av ein variabel er markert med L, medan N står for dei nivellerte variantane. Slik det går fram av korrespondansekartet nedafor, blir 57.3 % av variansen i datasettet dekomponert langs den første dimensjonen, og 10.7 % langs den andre dimensjonen. Det betyr at det todimensjonale kartet til saman oppsummerer 68 % av den totale tregheita i krysstabellen.



Figur 9.1 Korrespondansekart (todimensjonalt) over dei språklege variablane og alle informantane på Røros

Oversynet over aksane sine bidrag til dei enkelte språklege variabelpunkta og punkta sine bidrag til aksane, viser at førstedimensjonen særleg fangar opp og forklarer variasjonen rundt palatalisering av lange alveolarar og alveolarsamband (N-PAL og L-PAL), uttalen av *s* framfor *k* (S-PAL), bruk av nektingsadverbialet (NEG), bruk av monoftong (MON) og bruk av *k/kv/h* i spørjeord (K-KV).[191] Den horisontale førstedimensjonen, dvs. den som skil høgre- og venstresida i kartet frå kvarandre, fangar altså opp strekket mellom dei lokale og nivellerte variantane av dei variablane som relativt sett er *mest* usette for nivellering på Røros. Desse strekka er markerte med raude strekar i korrespondansekartet. Det vi ser her, er altså ei spatial framstilling av det ein kunne kalle for *nivelleringsenergien* i materialet. Førsteaksen viser ikkje berre den reint empiriske fordelinga av dei språklege variablane, men er sekundært også ei framstilling av dei ulike drakreftene, dvs. nivelleringskrafta kontra resistenskrafta, ved kvart enkelt trekk.

Dei punkta som først og fremst blir oppsummerte og forklarte langs andreaksen, som går vertikalt frå nedst til øvst i kartet, er trykkplassering i importord (TRYKK), tredje person personleg pronomen (PERS.3) og presens svake verb (PRESSV). Felles for desse variablane er at dei tradisjonelle variantane er relativt *stabile* blant informantane på Røros. Strekka mellom dei lokale og nivellerte variantane av desse variablane er markerte med blå strekar i korrespondansekartet ovafor. Andreaksen blir særleg strukturert av den førstnemnde variabelen, nemleg TRYKK. Denne variabelen oppfører seg annleis enn alle dei andre trekka, og blir altså hovudsakleg forklart langs andredimensjonen i korrespondansekartet (jf. pkt. 9.2.9 for nærare diskusjon av dette trekket). Men det trekket som verkeleg strekkjer første- og andreaksen, er likevel den nivellerte varianten av presens svake verb, PRESSV-N (meir om denne variabelen i pkt. 9.2.2 nedafor). Dette er eit svært stabilt trekk som så å seie aldri blir nivellert på Røros. Vi har altså sett at visse variablar blir strukturerte rundt førsteaksen, og andre rundt andreaksen. Det verkar som om desse to variabelgruppene jobbar uavhengig av kvarandre. Vi ser her konturane av eit nivelleringshierarki der visse variablar, som palatalisering langs førsteaksen og trykkplassering langs andreaksen, får bestemte relative energiar. Sett frå høgre kan korrespondansekartet i figur 9.1 lesast som ei oversyn over dei lokale trekka som er relativt sett *minst* resistente, med gradvis overgang til dei som er relativt sett *mest* resistente. Rundt origo, eller barysenteret, finn vi dei lokale variantane som er aller

[191] Oversyna over dei ulike punkt- og aksebidraga er tilgjengelege på http://folk.uio.no/unnr/avhandling/

mest resistente, mens dei minst resistente lokale variantane er å finne lengst ute mot høgre i kartet. Her finn vi, ikkje overraskande, variablane S-PAL-L, N-PAL-L, L-PAL-L, MON-L og JAM-L (jf. kap. 8, pkt. 8.16). Sett frå venstre presenterer kartet eit oversyn over dei nivellerte variantane som relativt sett opptrer sjeldnast, med gradvis overgang til dei nivellerte variantane som opptrer hyppigast. Lengst ute til venstre finn vi PRESSV-N, TRYKK-N, NEG-N og K-KV-N. Rundt origo finn vi dei nivellerte variantane som blir mest brukte av rørosinformantane. Her finn vi variablane S-PAL-N, N-PAL-N, L-PAL-N og JAM-N. Aller nærmast origo finn vi APOK-N, men det er eit svært dårleg representert punkt med låge punkt- og aksebidrag, så det lyt ein sjå vekk i frå her. Palatalisering, Røros-*s*-en, monoftongering og jamning er altså *relativt* sett dei lokale trekka som er *minst* resistente på Røros. Dette stemmer med det vi kom fram til i kapittel 8 (jf. pkt. 8.16), og det harmonerer dessutan med hypotesen om korleis språklege regionaliseringsprosessar vil gå føre seg, nemleg at dei språktrekka som er mest lokalt, regionalt og ruralt avgrensa og markerte, er dei som vil bli nivellerte først (jf. kap. 1, pkt. 1.1.3).


Parallelt med dette finn vi dei *informantane* som er mest assosierte med bruken av dei lokale variantane på høgresida i kartet, og dei som er mest assosierte med dei nivellerte variantane på venstresida i kartet. Som venta ser vi at Finn og Gunn er dei informantane som ligg lengst til høgre i kartet saman med fleire av bus-gutane. Desse informantane er dermed dei som blir mest assosierte med bruk av dei lokale variantane av dei minst resistente variablane. På motsett side finn vi, heller ikkje overraskande, Iris, Tom og soss/skatar-gutane, Bjørn, Magne, Sondre og Truls. Desse er altså mest assosierte med dei nivellerte variantane av dei minst resistente variablane. Aksebidraga viser at alle desse informantane er godt forklarte langs den første aksen i kartet. Førsteaksen i korrespondansekartet i figur 9.1 fangar altså opp opposisjonen mellom dei individa som nivellerer mykje på den eine sida, og dei som bruker dei lokale variantane, på den andre. Denne dimensjonen fangar også opp polariseringa mellom dei trekka som blir nivellert ofte og dei som blir nivellert sjeldan. Førsteaksen illustrerer langt på veg det opplagde biletet – og fortel oss ikkje noko vi ikkje allereie visste frå før, men *stadfestar* det mønsteret vi såg i kapittel 8. Andreaksen derimot, er meir overraskande. Blant anna ser vi her at trykkplassering i importord oppfører seg annleis enn dei andre variablane. Eit spørsmål vi kan reise allereie her og ta med oss vidare, er dermed om det er slik at denne variabelen har ein heilt eigen energi og ei heilt eiga symbolsk kunngjeringskraft. Er det slik at

TRYKK blir forklart langs andre sosiale dimensjonar enn dei andre språklege variablane? Vi har sett at dei ulike språktrekka ikkje oppfører seg likt. Det gir oss grunn til å mistenkje at dei ikkje blir forklarte langs dei same sosiale dimensjonane og dessutan at dei ikkje nødvendigvis er *symmetriske* (dvs. at bruk og ikkje-bruk av lokale eller nivellerte variantar ikkje har same sosiale forklaring berre med motsett forteikn). Også når det gjeld informantane, viser førsteaksen det tydelegaste biletet. Vi kjenner att motsetnaden mellom busen på den eine sida og sossen på den andre, men vi ser også at Iris og Tom (høvesvis skule/kultur og vaksen) er "utskot" frå sine grupper. Langs andreaksen finn vi nokre av jentene i mellomgruppene, noko som igjen kan tyde på at vi finn dei litt mindre opplagde mønstra langs denne aksen. Typisk for desse jentene er at dei kombinerer lokal orientering med utstrekt bruk av nivellerte former og dermed kan seiast å vere uttrykk for ein meir uventa eller hybrid habitus.

9.2.2 Alle rørosinformantane

I figur 9.2 ser vi eit nytt og meir omfattande kart over alle dei språklege variablane på Røros, alle informantane pluss dei sosiale variablane som er felles for både dei unge og dei vaksne informantane – dvs. *alder, kjønn, bustad, foreldrebakgrunn* og *sosial bakgrunn*. Dei to første dimensjonane i korrespondansekartet oppsummerer 67.2 % av variansen i datasettet (1. dim. 56.6 % og 2. dim. 10.6 %). Dei viktigaste motsetnadene mellom dei språklege variabelpunkta i kartet går, slik vi også såg av figur 9.1, mellom nivellerte kontra ikkje-nivellerte språklege variantar. TRYKK, som er godt representert i begge karta, har ein heilt eigen dynamikk. PRESSV-N strekkjer både første- og andreaksen i ekstrem grad, noko som kan tyde på at dette punktet er ein såkalla uteliggjar.[192] Punktbidraga til PRESSV-N er svært høge, noko som viser at dette *ikkje* er eit feilprojisert punkt, men ein atypisk observasjon – dvs. ein uteliggjar.

[192] Ein uteliggjar er, som tidlegare forklart, eit punkt som er sterkt avvikande frå hovudmønsteret, men som pga. høge absolutte bidrag vil trekkje aksen i si retning og dermed kunne skape vanskar i tolkinga. For at eit punkt skal vere ein uteliggjar, og ikkje eit feilprojisert punkt, må det vere godt representert og ha stor avstand til andre punkt. Som diskutert i pkt. 9.1.2, føretrekkjer korrespondanseanalysen det avvikande framfor det gjennomsnittlege. Kategoriar som ligg nær gjennomsnittet for heile tabellen, og som har ein profil som liknar marginalfordelingane, blir plasserte nær origo, medan kategoriar som er sterkt avvikande frå gjennomsnittet, vil hamne langt vekke frå origo. Analysen føretrekkjer punkt med få respondentar, små grupper eller låge frekvensar (prinsippet er at analysen "keeps structure, but kills magnitude"). Ettersom korrespondanseanalysen er på jakt etter systemet av relasjonar, er desse punkta i prinsippet vel så interessante som større grupper eller høgare frekvensar, men dette kan altså også skape problem, dersom svært avvikande punkt i ekstrem grad får påverke danninga av aksane.



Figur 9.2 Korrespondansekart (todimensjonalt) over alle informantane på Røros og dei språklege og sosiale variablane som er felles for begge aldersgruppene

Alle informantane på Røros bruker så å seie utan unntak, den lokale bøyingsendinga ved presens av svake verb (jf. pkt. 8.11, fig. 8.11.1). Det å ha standardformer med *-r* er såleis *svært uvanleg*. Denne variabelen er med andre ord relativt sett den som er aller mest stabil av dei variablane vi har sett på.

Både av kartet i figur 9.2 og av punkt- og aksebidraga går det fram at kjønns-dimensjonen har lite å seie i denne samanhengen. Sosialt sett går hovuddistinksjonen, kanskje noko overraskande, mellom dei som har ein eller begge foreldra frå Røros (markert med blå pil i kartet). Dei som har begge foreldra frå Røros, blir klart assosierte med bruk av lokale former, medan dei som berre har ein forelder frå plassen, har ein langt større tendens til å bruke nivellerte former (14 av dei 21 rørosinformantane har begge foreldra frå Røros, medan 7 har ein jf. vedlegg 7.5). Punkt- og aksebidraga viser at denne motsetnaden først og fremst blir oppsummert og forklart langs førsteaksen, men òg til ein viss grad langs andreaksen. Dette tyder på at foreldras rolle som språklege identifikasjonsmodellar truleg er viktigare enn det som det gjerne er vanleg å meine. Den dominerande oppfattinga går ut på at jamaldrings-gruppa er langt viktigare som språklege rollemodellar enn foreldra, i situasjonar der foreldras talemål divergerer frå talemålet i dei sosiale omgivnadene (jf. t.d. Trudgill 1986:31, Weinreich, Labov & Herzog 1968:145). Nokre sosiolingvistiske granskingar viser likevel at foreldrebakgrunn har ei sentral tyding for barn si språklege tilpassing – i alle fall når det gjeld tileigninga av visse fonologiske trekk (jf. kap. 6, pkt. 6.2.5). Det same ser ut til å vere tilfellet her.

Korrespondansekartet i figur 9.2 indikerer at foreldrebakgrunn er særleg viktig når det gjeld bruken av dei *fonologiske* variablane N-PAL, L-PAL og S-PAL. Som vi kan sjå av kartet, ligg dei *nivellerte* variantane av desse variablane tett opp til punktet for *ein* røros-forelder (FORELD-EIN). Manglande bruk av palatalar og postalveolar uttale av *sk*, er altså særleg knytt til det å ha innflyttarforeldre. Det betyr vel å merke *ikkje* at det å ha begge foreldra frå plassen *sikrar* bruken av dei lokale variantane. Dei lokale variantane av desse variablane ligg ikkje tilsvarande tett opptil punktet for to rørosforeldre (FORELD-BEGGE). Her er det altså ikkje nødvendigvis nokon *symmetri* mellom nivellering og resistens på den eine sida og den sosiale forklaringa på den andre. Viss ein rørosungdom berre har ein forelder frå Røros, er altså sannsynlegheita relativt stor for at han *ikkje* bruker (og kanskje heller aldri har tileigna seg) lange palatalar og postalveolar uttale av *sk*. Ungdom med to rørosforeldre

bruker dei lokale variantane av desse variablane relativt sett oftare, men det å ha begge foreldra frå plassen garanterer likevel ikkje bruk av dei lokale variantane.[193] Her kjem andre sosiale dimensjonar inn, som til dømes sosial bakgrunn, dvs. akademisk eller ikkje-akademisk tilknyting, som også ser ut til å vere eit viktig korrelat for bruk av respektive nivellerte eller lokale språklege variantar. Akademisk bakgrunn (AKADja) fremjar bruk av nivellerte variantar, særleg av variablane N-PAL, L-PAL og S-PAL, medan ikkje-akademisk bakgrunn (AKADnei) er knytt til bruk av lokale variantar. Kontrasten mellom akademisk og ikkje-akademisk bakgrunn ligg heilt parallelt med førsteaksen, og er altså ein viktig distinksjon langs denne aksen (markert med rosa pil i kartet). Sjølv om begge foreldra er frå Røros, vil altså ein ungdom kunne velje nivellerte variantar framfor dei lokale, viss vedkomande kjem frå ein akademisk familie, men likevel i mindre grad enn ein ungdom som t.d. berre har mor frå Røros og far frå ein annan plass. Kva er så viktigast – slekt eller utdanning? Eller er det kanskje noko meir intrikat eller *noko anna* som kjem fram i desse variablane? Kan hende uttrykkjer variablane forhold som har med ulike former for symbolsk *kapital* å gjere (lokal kulturell kapital kontra akademisk kapital). Eller kanskje uttrykkjer variablane ulike drakrefter. Ein kan tenkje seg at lokal slekt på den eine sida verkar som ei sentripetal kraft (+resistens), medan akademisk utdanning på den andre sida verkar som ei sentrifugal kraft (-resistens). Nokre gonger finn ein begge desse kreftene innom ein og same familie.

Både foreldrebakgrunn og sosial bakgrunn ligg, som nemnt, meir eller mindre parallelt med førsteaksen og er dermed først og fremst viktige i høve til dei språklege variablane som ligg langs denne aksen – særleg dei fonologiske variablane. Trykkplassering i importord og ein del av dei morfologiske variablane blir, som vi har sett, først og fremst forklarte langs andreaksen. Foreldrebakgrunn og sosial bakgrunn har såleis mindre å seie for bruken av desse variablane. Aldersdimensjonen, derimot, som ligg meir ortogonalt i kartet, har både innverknad på variablane langs første- og andreaksen (er markert med grøn pil i kartet). Punktet for dei vaksne (Alderover40) ligg langt til høgre i kartet. Dei vaksne er altså sterkt assosierte med, men ikkje predestinerte til, bruk av tradisjonelle dialektformer. Punktet for dei under 19 (Aldermin19) ligg, på si side, noko til venstre i kartet, men likevel ganske nær barysenteret eller gjennomsnittspunktet for alle variablane. Det betyr at ung alder i seg sjølv


[193] Sjansen for at ein ungdom ikkje bruker desse lokale variantane er truleg endå større dersom *ingen* av foreldra er frå Røros. Dette har eg vel å merke ikkje testa her, sidan alle rørosinformantane viste seg å ha anten ein eller begge foreldra frå Røros.

ikkje nødvendigvis er synonymt med bruk av nivellerte former. Nokre ungdomar vel lokale former og andre nivellerte – avhengig av kven dei er, eller vil vere. Som vi vil sjå i pkt 9.2.3, deler andre sosiale dimensjonar opp ungdomsgruppa internt. Samla bruker likevel dei unge relativt sett *færre* lokale former enn dei vaksne.

9.2.3 Dei unge rørosinformantane

Ein analyse av dei unge rørosinformantane viser at variablane *mobilitet*, grad av *urban* eller *lokal* tilknyting og orientering og *gruppetilhørsle* er viktige sosiale dimensjonar og sterkt motiverande faktorar i forhold til den enkeltes språkval. Korrespondansekartet i figur 9.3 nedafor viser ei klar polarisering mellom dei som vil flytte frå Røros, som er urbant orienterte og som er negative til heimstaden og til dialekten på den eine sida, og dei som vil bli, som er negative til det urbane, men positive til Røros og rørosdialekten, på den andre.

Sossen og skatarane er, som vi har vore inne på fleire gonger tidlegare, men som vi ser svært tydeleg illustrert og dokumentert i figur 9.3, den ungdomsgruppa som er mest assosiert med mobilitet og urbane verdiar. Dei ulike ungdomsgruppene plasserer seg i ulike delar av kartet og viser ei tydeleg spreiing i det todimensjonale rommet (den rosa lina som er trekt mellom dei ulike gruppene). Busen ligg aller lengst til høgre i kartet saman med pro-lokale haldningar, anti-mobilitet og urbanitet og lokale språkformer. Skule/idretts-gjengen ligg også til høgre og er såleis relativt sett den gruppa ved sida av busen som er mest assosiert med bruk av tradisjonelle rørostrekk. På den motsette sida, lengst unna busen, finn vi soss/skatar-gjengen. På venstresida i kartet, men noko lenger nede, finn vi gruppa skule/kultur. Desse blir altså, som soss/skatar-gjengen, mest assosierte med bruk av nivellerte former. Sosialt sett er dei mest forbundne med nøytrale haldningar til heimplassen, til dialekten og til spørsmålet om å flytte eller bli. Men dei er likevel mest assosierte med urban orientering. Ut frå punkt-plasseringane i kartet utkrystalliserer det seg tre sosiale hovudklynger, som først og fremst skil seg frå kvarandre ut frå stikkorda *lokal/urban*, *moderne/tradisjonell* og *mobil/stabil* (dei tre sirklane i kartet nedafor). Korrespondansekartet framstiller særleg polariteten mellom sossen/skatarane på den eine sida og busen på den andre. Desse to gruppene blir særleg godt forklarte langs førsteaksen, medan dei to andre gruppene blir vesentleg dårlegare gjort greie for.



Figur 9.3 Korrespondansekart (todimensjonalt) over dei unge informantane på Røros og alle dei språklege og sosiale variablane

Dei individa som særleg er med på å strukturere og strekke førstedimensjonen i korrespondansekartet, er Iris og Bjørn på den eine sida, og Finn og Eirik på den andre. Desse fire har alle høge punktbidrag, og dei blir også godt forklarte langs førsteaksen. Dei fire representerer, som vi hugsar frå kapittel 7, dei fire ungdomsgruppene. Finn er ein typisk bus,

Eirik ein utprega idrettsgut, Bjørn ein noko utypisk skatar og Iris er ein representant for dei kulturinteresserte ungdomane (jf. også individportretta i kap. 10).

Ungdom som planlegg å flytte ut av bygda, vel relativt sett oftare nivellerte variantar av ulike språktrekk enn ungdom som vil bli. Punktet for å flytte ligg til høgre i kartet saman med sossen/skatarane, medan punktet for dei som vil bli, ligg til høgre i kartet i same område som busen (er markert med blå pil i kartet ovafor). Dei mest lokalt eller ruralt markerte trekka, som rørossjibboletten og palatale alveolarar, er aller mest utsette for nivellering i "flyttegruppa". Ungdom som vil vekk, kan på denne måten seiast å føregripe flytteprosessen ved å signalisere allereie *før* dei flyttar at det nettopp er dét dei har tenkt å gjere. Som nemnt i kapittel 6, skriv ein gut frå Røros i den første enqueten (jf. pkt. 6.2.6):

> de som har tenkt å bli boende her (dvs. dem som går på mekaniske studieretninger) legger seg til en "brei" dialekt, men vi som ønsker oss vekk jo før jo heller, snakker noe mer "avslepet"

Denne guten seier altså at ungdomane allereie *før* dei flyttar, vel å signalisere språkleg at det er nettopp ut og vekk dei har tenkt seg. Etter det han seier, plasserer altså ungdomen seg i det språklege landskapet alt etter kva for framtidsplanar og identitetsprosjekt dei har. Eckert (1997:157) peikar på det same fenomenet:

> [...] Throughout the life course, speakers have a sense of moving forward in years and in maturity, *anticipating the next development* in their lives and assuming new ways of being – and perhaps new ways of talking – as they go". (Mi utheving).

Lisa Eriksson (2000, 2001) er også inne på dette i sin studie av ungdomar i Piteå. Ho deler som nemnt i kapittel 6, ungdomane inn i fire kategoriar etter kva for haldningar dei har til den lokale dialekten og kva for dialektstrategi dei har valt. Om dei to gruppene som representerer ytterpunkta i ungdomsmiljøet i Piteå, høvesvis "avståndstagarna" og "absolutisterna", skriv ho (2001:104f)[194]:

> För pojkarna i den här kategorin ["*avståndstagarna*"] tycks den store motviljan mot pitemålet bottna i en vilja att distansera sig från Piteå och den upplevda småstadsmentaliteten, samt att demonstrera att man själv inte under några omständigheter har för avsikt att stanna kvar. Liksom pojkarna i kategori 1 ["*absolutisterna*"], bland annat med hjälp av språket, försöker skapa ett alternativ till det globala ideal, som de i egenskap av ungdomar förväntas leva upp till, markerar pojkarna i kategori 4 ["*avståndstagarna*"], likaledes med hjälp av språket, sitt avståndstagande från det lokala (mans)idealet och sin lojalitet mot ett mer globalt ungdomsideal. (Mine innskot).

[194] Det at Eriksson baserer inndelinga på språklege kriterium, er som tidlegare nemnt eit problem fordi slutningane hennar dermed lett blir sirkulære, men innsiktene hennar er likevel interessante (jf. kap. 6, pkt. 6.2.8). Som det går fram i sitatet, består desse yttergruppene hovudsakleg eller utelukkande av gutar, noko eg vil kome nærare attende til i punkt 9.2.10 nedafor.

Forstått på denne måten kan ein seie at val av språklege former inngår i og er eit uttrykk for det bl.a. Giddens forstår som den refleksive seinmoderne individualiseringa (jf. kap. 5, pkt. 5.2.1). Ifølgje "meg sjølv som prosjekt"-sosiologien står ikkje individet berre fritt til å "designe" seg sjølv, men er også *dømt* til å gjere det.[195] Språk blir ikkje tradert automatisk, men inngår også som ei viktig vare i identitetsforhandlingane. Den lingvistiske marknaden er ein del av den større marknadsplassen der identitetar blir forhandla, forkasta eller føretrekte. På denne marknaden lyt ein velje språklege variantar og forme språket sitt, som ein formar andre delar av seg sjølv. Det å følgje tradisjonen er også eit val. I det post-tradisjonelle samfunnet ligg det at tradisjonen "ikke lenger anbefaler seg selv" (Eriksen 2004:123, jf. diskusjon i kap. 5, pkt. 5.2.2). For det finst alternativ. Derfor må dei som går inn for tradisjonen, aktivt velje den og forsvare den.

Det at nokon faktisk vel tradisjonen, er eit faktum som ofte blir gløymt (eller gøymt) bort. I vår stadig meir urbaniserte og internasjonaliserte samtid blir det nærmast teke for gitt at ungdom vil reise jorda rundt, eller i det minste vil flytte til byen eller utomlands for å studere eller arbeide. Det er utan tvil tilfellet at ungdom i dag har fantastiske moglegheiter til å "reise ut", men det er ikkje like sant at desse moglegheitene er like tilgjengelege enn sei interessante for alle. Det finst faktisk ungdomar som ikkje *vil* eller ikkje *kan* identifisere seg med dette rådande ungdomsidealet, og som heller søkjer og finn sin identitet i tradisjonen og dei nære omgivnadene.

Men ei konstruktivistisk forståing åleine er i denne samanhengen ikkje tilstrekkeleg. Språk inngår utan tvil som eit viktig element i identitetsskapinga, men analysane ovafor viser at t.d. familiebakgrunn og sosial plassering ikkje er uvesentleg – og dermed at individets språklege val *også* er avhengig av og blir avgrensa av sosiale band og bindingar. Rørosguten i sitatet ovafor er inne på det same når han knyter dei som vil bli buande, til mekaniske studieretningar. Mennesket har både røter og føter (jf. Fossåskaret 1998, Eriksen op. cit.), og *heilt* frie til å velje er vi likevel ikkje, noko ikkje minst ein sosiolog som Bourdieu viser i sine analysar.

[195] Giddens (2002:47) seier: "As the influence of tradition and custom shrink on a world-wide level, the very basis of our self-identity – our sense of self – changes. In more traditional situations, a sense of self is sustained largely through the stability of the social positions of individuals in the community. Where tradition lapses, and lifestyle choice prevails, the self isn't exempt. Self-identity has to be created and recreated on a more active basis than before."

Foreldrebakgrunn var, som vi såg ovafor, den mest differensierande sosiale variabelen i den samla analysen av dei unge og dei vaksne informantane på Røros. Denne variabelen er også svært utslagsgivande når vi berre ser på dei unge for seg. I figur 9.3 ser vi at punktet for *ein* forelder frå Røros ligg langt til venstre i kartet saman med dei nivellerte språklege variantane, medan punktet for begge foreldra frå Røros ligg til høgre i kartet saman med dei tradisjonelle språkpunkta (er markert med gule ringar i kartet). Også sosial bakgrunn, dvs. om ungdomane kjem frå ein akademisk eller ein ikkje-akademisk familie, er med på å strekkje førsteaksen i korrespondansekartet. Men slektskap ser ut til å gå framom utdanning, og sosial gruppe-tilhørsle og sosiokulturell orientering deler igjen inn ungdomsgruppa internt. Dei viktigaste sosiale dimensjonane er markerte med blå piler i figur 9.3. Bustad i kommunen og kjønn er dei to variablane som slår aller minst ut i analysen. Punkta for sentrum og utkant, gut og jente medverkar lite til å strekkje dei to aksane i kartet, og ligg dessutan relativt nær origo, dvs. det vekta gjennomsnittet for alle variabelpunkta.

Dersom vi ser på kva for språklege variabelpunkt som er mest knytte til ulike sosiale variabelpunkt, ser vi t.d. at den karakteristiske Røros *s*-en, som er det mest lokalt markerande trekket på Røros og den første nivelleringskandidaten (jf. pkt. 8.16), er aller mest knytt til *busen* og til utøving av ein utprega *lokal livsstil*. Dette trekket er samtidig aller minst aktuelt å bruke for soss/skatar-gjengen, sannsynlegvis nettopp fordi det i så sterk grad er knytt til det lokale og tradisjonelle, og til ein type ungdom som sossen ikkje ønskjer å identifisere seg eller bli identifisert med. Vissheita og bevisstheita om at dette er eit lokalt trekk som både signaliserer sterk lokal tilhørsle og ei bestemt sosial gruppetilhørsle, spelar altså sterkt inn når ein rørosungdom vel å bruke eller forkaste rørossjibboletten. S-PAL-L ligg, som vi kan sjå av korrespondansekartet i figur 9.3, aller lengst til høgre av alle variablane i det språklege punktsettet, medan S-PAL-N ligg langt over på venstresida i kartet i same område som punkta for dei ikkje-lokale, mobile og urbane ungdomane. I dette området finn vi også dei nivellerte variantane av dei lange alveolarane (N-PAL-N og L-PAL-N). Palatale *l*-ar og *n*-ar er altså også svært lite aktuelle å bruke for dei urbant orienterte ungdomane, og er blant dei trekka som blir nivellerte først hos desse ungdomane. Men, som vi har vore inne på tidlegare, er palatalisering av lange alveolarar generelt blant dei språktrekka som blir nivellerte først hos *alle* rørosungdomane og ikkje berre hos sossen (jf. pkt. 8.1.7 og 8.16). Kva er det så som gjer palatalisering til eit så lite "attraktivt" fonologisk trekk for mange unge? Korleis oppstår og

fungerer slike fonologiske smaksvariantar? Det har openbert ingenting med språktrekket sjølv å gjere, men med kva for sosial og symbolsk kunngjeringskraft trekket av ein eller annan grunn blir tillagt. Trass i at palatalane har relativt stor geografisk utbreiing, står dei svært utrygt i mange område rundt i landet og blir tydelegvis opplevd som uaktuelle av mange ungdomar. Det er eit trekk mange er bevisste på, som gjerne blir sett på som "breitt" og som ofte blir assosiert med ein rural bygdekultur (+PAL=bygd/bonde). Som vi såg i kapittel 8, er det berre busen som konsekvent bruker palatalar. Mellomgruppene føretrekkjer i aukande grad hybride former (postalveolare lateralar og nasalar), medan sossen føretrekkjer standard-formene (jf. pkt. 8.2.7). Vi ser med andre ord at dei trekka som anten er mest lokalt avgrensa, eller som blir aller mest assosierte med lokal/rural kultur (uavhengig av faktisk geografisk utbreiing), er dei som er minst brukte blant urbant orienterte ungdomar, som har større affinitet til global ungdomskultur enn lokal bygdekultur. Igjen ser vi altså at det er dei fonologiske variablane som er dei mest utslagsgivande.


Dei lokale variantane av ubestemt og bestemt form fleirtal (UFPL-L, BFPL-L), sterke og svake presensformer (PRESSV-L, PRESST-L) og første- og tredjeperson personleg pronomen (PERS1-L, PERS3-L), er alle punkt innafor det språklege punktsettet som ligg nær origo (den grøne stipla sirkelen i kartet i fig. 9.3). Desse lokale variantane har altså ikkje same status som palatalane og rørossjibboletten, men er langt meir akseptable hos ungdomen – truleg fordi dei er eller blir oppfatta som mindre geografisk avgrensa og mindre markerte. Det vil seie at dette er punkt som ligg nær gjennomsnittet for alle variablane, og som dermed kan tolkast som språklege variantar som blir brukte mykje av *alle* dei unge informantane og i *alle* sosiale grupper. Desse tradisjonelle variantane er med andre ord ikkje knytt til bestemte individ, eller til bestemte sosiale dimensjonar, og fungerer dermed ikkje særleg sosialt differensierande og har heller ikkje så sterk symbolsk kunngjeringskraft. Derimot har bruk av dei *nivellerte* variantane av desse variablane (UFPL-N, BFPL-N, PRESSV-N, PRESST-N, PERS1-N og PERS3-N) sterkare kunngjeringskraft. Desse nivellerte variantane er alle mest knytte til dei urbane og mobile ungdomane, og har med andre ord ei klar urban utsegnskraft. Viss ein rørosungdom bruker ein av desse nivellerte variantane, gir han altså eit tydeleg signal om at han er urbant orientert og tenkjer seg ut av bygda. Den nivellerte varianten av TRYKK har som nemnt ein heilt eigen dynamikk, men er også knytt til dei mobile og urbane ungdomane. Dette trekket er dessutan særleg knytt til Iris og til skule/kultur-gjengen. Den lokale varianten

av variabelen er på si side mest knytt til gutane. I motsetnad til dei fleste andre språklege variablane slår TRYKK ut langs kjønnsdimensjonen. Er dette kan hende eit uttrykk for at trykkplassering på førstestaving i importord er fylt med så mykje "mannleg energi", at jenter lettare droppar dette trekket? Dette er spørsmål vil vi kome attende til i punkt 9.2.9 nedafor.

9.2.4 Språklege variablar på Tynset

Figur 9.4 nedafor framstiller eit todimensjonalt korrespondansekart over variantfordelinga ved alle dei språklege variablane på Tynset. Kartet viser også korleis dei unge og dei vaksne informantane plasserer seg i forhold til dei ulike variantane. Dei to første dimensjonane fangar i alt opp over 70 % av variansen i materialet (1. dim. 49.5 % og 2. dim. 20.8 %). Dei språklege punkta som yter mest til danninga av førstedimensjonen, er dei lokale variantane av nektingsadverbial og spørjeord (NEG-L og K-KV-L) og i noko mindre grad førsteperson personleg pronomen (PERS.1-L, PERS.1-N) og palatale nasalar (N-PAL-L).[196] Desse punkta blir også godt forklarte langs førsteaksen. Både NEG-L og K-KV-L er ekstreme punkt, som strekkjer førsteaksen i søraustleg retning. Høge punkt- og aksebidrag utelukkar feilprojisering, og indikerer at dette truleg er uteliggjarar, dvs. punkt som oppfører seg anormalt i høve til dei andre språklege variantpunkta (jf. pkt. 9.2.1 ovafor). Grunnen til dette er mest sannsynleg at NEG-L og K-KV-L er lokale variantar som Alva, men mest ingen av dei andre tynset-informantane bruker (jf. meir om Alva nedafor). Dei variantane som yter mest til danninga av andreaksen, og som også hovudsakleg blir forklarte langs denne aksen, er trykkplassering i importord (TRYKK-L, TRYKK-N), den nivellerte varianten av presens sterke verb (PRES.ST-N), men NEG-L og PERS.1-L medverkar også til danninga av denne aksen. Vi ser altså at NEG-L og PERS.1-L medverkar til danninga av *begge* aksane, og at dei også blir forklarte langs begge aksane. Trykkplassering i importord blir, som på Røros, særleg strukturert og forklart langs andreaksen. På høgresida av kartet finn vi dei nivellerte variantane, medan dei lokale variantane ligg spreidd utover på den venstre sida av biletet (jf. fig. 9.4). [197]

[196] L står som nemnt for den lokale varianten av ein variabel, medan N står for den nivellerte varianten (jf. pkt. 9.2.1). Namna på variablane varierer noko i ulike delar av teksten fordi eg følgjer namna på det aktuelle kartet.
[197] Dei lokale variantane JAM-L og BFPL-L er likevel plasserte på høgresida i kartet saman med dei nivellerte formene. Begge desse punkta har vel å merke svært låg representasjonskvalitet langs dei tre første aksane. Ein må derfor vere varsam med å tolke desse punkta.



Figur 9.4 Korrespondansekart (todimensjonalt) over dei språklege variablane og alle informantane på Tynset

Dei nivellerte variantane ligg meir samla, og fleire av dei ligg ganske nær origo, dvs. tett på gjennomsnittsfordelinga i materialet. Av dette ser vi at fleire av dei nivellerte variantane er relativt sett vanlegare og opptrer hyppigare hos informantane på Tynset enn dei lokale variantane. Dei einaste unntaka frå dette er variablane PRES.ST, TRYKK, PRES.SV og

PERS.3. Desse opptrer oftast i den lokale forma og er dermed blant dei språktrekka som er relativt sett mest resistente av dei vi har sett på her. I kapittel 8 såg vi at den lokale varianten av bøyingsendinga i bestemt form fleirtal også er svært stabil på Tynset (jf. pkt. 8.8.3). Dette kjem likevel ikkje fram i korrespondansekartet i figur 9.4. Grunnen til det er at punkta BFPL-L og BFPL-N er dårleg representerte i kartet og dermed er punkt ein bør unngå å tolke.

Det at dei nivellerte variantane klumpar seg saman, medan dei lokale variantane ligg meir spreidde i kartet, fortel at området rundt origo truleg er det mest dynamiske og endrings-produktive, og indikerer at ein *også* bør sjå nærare på denne overlappingssona. Framstillinga her, og også tidlegare, innbyr til ei gradient tenking. I kartet ser vi at det er eit kontinuum, dvs. ein gradvis glidande, men einsretta overgang frå lokale til nivellerte former (L > N) frå venstre mot høgre. Det at dei nivellerte variantane klumpar seg rundt origo, betyr som sagt at desse variantane er relativt sett vanlegare, og opptrer hyppigare hos informantane på Tynset enn dei lokale variantane. Dette visste vi i og for seg frå før, men det som er vel så interessant her, er forma og dynamikken i antinomien mellom lokale og nivellerte variantar.


Det variabelpunktet blant individa som strukturerer det aller meste av førsteaksen, er Alva (jf. fig. 9.4). Sentroidane for Laila og Kåre yter også litt til danninga av denne aksen, men vesentleg mindre enn Alva. Laila og Kåre er, som vi hugsar frå kapittel 8, dei to som har aller flest nivellerte variantar av alle informantane på Tynset (jf. også kap. 10, pkt. 10.2.1.2). Vi ser at Alva i ekstrem grad styrer danninga av førstedimensjonen, og at ho hamnar langt unna dei andre individpunkta. Ho er altså ein atypisk observasjon. Aksebidraga viser at ho også blir svært godt forklart langs denne aksen. Alva er med andre ord ikkje feilprojisert, men er ein såkalla *uteliggjar*. Som vi såg i kapittel 8, er Alva svært spesiell i forhold til alle dei andre informantane på Tynset. Ho er den einaste både av dei unge og dei vaksne som bruker dei lokale variantane ved ei rekkje trekk. Sidan Alva i så sterk grad strukturerer datasettet, er det føremålsteneleg å plukke henne ut av analysen og sjå på korleis individprofilen blir sjåande ut då (jf. pkt. 9.2.5 nedafor).

Laila og Kåre yter som nemnt litt til førstedimensjonen, men er dei som medverkar mest til danninga av andredimensjonen. Aksebidraga viser at desse to informantane også blir godt forklarte langs denne aksen. I ytterkantane av kartet finn vi dei individa som anten nivellerer meir eller mindre enn gjennomsnittet, medan dei som kombinerer nivellerte og lokale variantar, ligg nærare origo. Ekstremprofilar er med andre ord lokaliserte til ytterkantane,

medan hybridprofilar ligg nærare origo. Både Alva, Kåre, Laila, Njål og Varg har slike meir ekstreme profilar, medan resten av tynsetinformantane har meir gjennomsnittlege, hybride språklege profilar. Korrespondansekartet i figur 9.4 viser altså tydeleg polariseringane i materialet – mellom dei språklege variablane som er mest og minst resistente, og mellom dei individa som nivellerer mest og minst.

9.2.5 Alle tynsetinformantane

Ei tredimensjonal framstilling av tynsetinformantane stadfestar at Alva på den eine sida, og Laila og Kåre på den andre strukturerer datasettet for individa (jf. fig. 9.5 nedafor).



Figur 9.5 Korrespondansekart (tredimensjonalt) over alle tynsetinformantane


Dei fleste informantane klumpar seg saman rundt barysenteret – dvs. at dei alle oppfører seg relativt sett likt språkleg sett i form av hybride profilar. Det tredimensjonale biletet viser at

Oskar blir noko meir lausriven frå hovudklynga. Grunnen til dette er truleg at Oskar, som er ein av dei vaksne informantane, har eit relativt høgt innslag av tradisjonelle former i forhold til dei andre tynsetinformantane. Arne og Varg ligg begge temmeleg tett på hovudfeltet, men skil seg likevel noko ut – Varg ved at han bruker noko fleire lokale former enn gjennomsnittet, og Arne fordi han bruker noko fleire nivellerte former enn gjennomsnittet. Sidan Alva er den som i ekstrem grad strekkjer datasettet, har ho vorte plukka ut av krysstabellen og analysen køyrt på nytt. Dei to- og tredimensjonale korrespondansekarta i figurane 9.6 og 9.7 framstiller analysen *utan* Alva. Det todimensjonale kartet oppsummerer 57.3 % av variansen i materialet, medan den tredimensjonale projeksjonen oppsummerer 68 % (1. dim. 41.8 %, 2. dim. 15.5 %, 3. dim 10.26 %).

I figur 9.6 finn vi att mange av dei same mønstra som i figur 9.4. Men når vi ser bort frå Alva, er det først og fremst dei urbant orienterte ungdomane Laila og Kåre på den eine sida, og den lokalt orienterte Varg og den vaksne mannen Njål på den andre, som strukturerer førsteaksen i datasettet (førsteaksen går som vi hugsar, horisontalt frå venstre til høgre og deler altså venstre- og høgresida i biletet). Desse fire informantane yter mest til danninga av førsteaksen og er også dei som blir best forklarte langs denne aksen. Varg medverkar også ein del til danninga av andreaksen. Vi ser altså at polariseringa mellom dei urbant orienterte på den eine sida og dei lokalt orienterte går att på Tynset likeins som på Røros (meir om dette i pkt. 9.2.6 nedafor). Vi ser dessutan at alder spelar inn. Skule/idrett-jentene Mia, Ina og Åsne yter også litt til danninga av andreaksen, men ingen av dei blir særleg godt forklarte langs denne aksen. Desse jentene og resten av tynsetinformantane ligg alle temmeleg nær barysenteret og dermed gjennomsnittet for alle variablane samla. Også på Tynset ser vi altså at jentene har dei mest gjennomsnittlege profilane.

Når vi tek vekk Alva, er det særleg dei palatale alveolarane N-PAL-L og L-PAL-L som strekkjer første- og andreaksen i det todimensjonale kartet. Høge punkt- og aksebidrag tyder på at desse punkta er uteliggjarar, dvs. anormale observasjonar. Palatale alveolarar blir som vi såg i kapittel 8, så å seie ikkje brukte på Tynset lenger (jf. pkt. 8.2). Dermed hamnar desse variantane langt ute i periferien på korrespondansekartet (nede til venstre). Dei punkta som var

ekstreme når Alva var med, NEG-L og K-KV-L, er høvesvis svært dårleg representerte eller utelatne.[198]



Figur 9.6 Korrespondansekart (todimensjonalt) over tynsetinformantane minus Alva; språklege og sosiale variablar

Dei andre språklege variablane som dekomponerer variansen langs første- og andreaksen, er, som i figur 9.4, dei nivellerte og lokale variantane av TRYKK, PERS1 og PRESST i tillegg til


[198] K-KV-L er ikkje med, sidan ingen av dei andre tynsetinformantane bruker den tradisjonelle varianten av denne variabelen. NEG-L plasserer seg nærare origo, men er altså svært dårleg representert og fell derfor utafor analysen.

dei nivellerte variantane PERS3-N og PRESSV-N. Alle desse variantane har ein representasjonskvalitet på over 50 % og er markerte med rosa firkantar i figur 9.6. Vi ser altså igjen at presens av sterke og svake verb, tredje person personleg pronomen og trykkplassering på førstestaving i importord er relativt resistente trekk på Tynset, og som svært *sjeldan* opptrer i nivellert form (jf. pkt. 9.2.4). Dermed har dei nivellerte variantane hamna ute i den motsette periferien (til høgre) i kartet. At dei morfologiske variablane og trykkplassering i importord er dei mest resistente variablane på Tynset, visste vi i og for seg frå før (jf. kap. 8, pkt. 8.16). Men her får vi altså stadfesta dette mønsteret. Bakgrunnen for at desse lokale trekka er meir akseptable enn andre lokale trekk, er truleg relatert til kor regionale eller spesifikt lokale dei ulike trekka blir oppfatta å vere (uavhengig av faktisk utbreiing). Det er rimeleg å tru at desse trekka har ein sterkare regional "energi" (austlandsspesifikk) i motsetnad til ein meir lokal "energi" (Tynset-spesifikk). På same måte som figur 9.4, differensierer figur 9.6 tydeleg mellom dei lokale og dei nivellerte variantane, som okkuperer høvesvis venstresida og høgresida i kartet. Vi ser den same gradvise overgangen frå lokale til nivellerte variantar når vi går frå venstre mot høgre i kartet.[199]

I den tredimensjonale framstillinga i figur 9.7, finn vi att mange av dei same mønstra som i figur 9.6, men vi ser også at enkelte punkt endrar posisjon. Dei punkta som får ei anna plassering i den tredimensjonale projeksjonen, er markerte med blått i den todimensjonale framstillinga (jf. fig. 9.6). I det todimensjonale kartet hamnar t.d. den nivellerte varianten av apokope høgt oppe til høgre i biletet, medan den lokale varianten ligg nær origo. Men tala for punktbidrag viser at APOK-N *ikkje* medverkar til å strekkje andreaksen (som går vertikalt frå nedst til øvst i kartet). Dermed kan det vere at dette punktet er feilprojisert i det todimensjonale rommet. I den tredimensjonale framstillinga i figur 9.7 hamnar APOK-N nærare origoklynga. Dette punktet blir likevel godt forklart langs andreaksen og er dermed eit eksempel på at eit punkt gjerne kan vere relativt godt skildra langs ein akse utan sjølv å yte høge absolutte bidrag til konstruksjonen (jf. Hjellbrekke 1999a:44). Apokope er eit relativt resistent trekk på Tynset som så å seie aldri førekjem i den nivellerte forma (talet på belegg er vel å merke relativt avgrensa jf. pkt. 8.7.3). Men trekket har tydelegvis ein noko annan

[199] Rundt origosona finn vi likevel nokre nivellerte variantar på venstresida (N-PAL-N og NEG-N) og nokre lokale variantar på høgresida (BFPL-L). Med unntak av NEG-N, er desse variantane vel å merke svært dårleg representerte og forklarte langs dei to første dimensjonane (jf. også diskusjonen av BFPL ovafor).

dynamikk enn dei andre resistente variablane og blir kan hende forklart langs andre sosiale dimensjonar, noko eg vil kome nærare attende til nedafor.



Figur 9.7 Korrespondansekart (tredimensjonalt) over tynsetinformantane minus Alva

I det tredimensjonale kartet ser vi dessutan at punkta for dei språklege variantane NEG-L og BFPL-L blir rivne laus frå origoklynga.[200] Det tyder på at desse punkta ikkje er gjennomsnitts-punkt, slik den todimensjonale framstillinga gir inntrykk av, men meir atypiske punkt. NEG-L

[200] Den lokale varianten av nektingsadverbialet var, som vi hugsar, eit anormalt punkt i analysen som inkluderer Alva (jf. fig. 9.4).

og BFPL-N er dei variantane som først og fremst strekkjer tredjeaksen, og desse punkta blir også godt forklarte langs denne aksen. Kva er det så bruk av den lokale varianten av nektingsadverbialet (*itte*) og den nivellerte varianten av substantiv i bestemt form fleirtal (*menneskene*) har felles? Først og fremst er det variantar som opptrer sjeldan hos tynset-informantane, fordi NEG er eit svært lite stabilt trekk, medan BFPL er eit svært stabilt trekk.

Ingen av dei sosiale variablane blir særleg godt oppsummerte eller forklarte i dei to- og tredimensjonale karta. Relativt sett er likevel alder, foreldrebakgrunn og sosial bakgrunn dei variablane som har høgast relative bidrag langs dei tre aksane (dei rosa linene i fig. 9.7). Vi ser at punkta for dei vaksne, for det å ha begge foreldra frå plassen, og for ikkje-akademisk bakgrunn plasserer seg i relativ nærleik av kvarandre og ligg dessutan i det same området som dei lokale språklege variantane. Motsett ligg punkta for dei unge, ein/ingen foreldre frå plassen og akademisk bakgrunn meir eller mindre samla i det same området som dei fleste nivellerte språklege variantane. Alder blir særleg forklart langs første- og tredjeaksen, foreldrebakgrunn langs andreaksen og akademisk bakgrunn langs førsteaksen.

APOK-N blir som nemnt ovafor, primært forklart langs andreaksen, der vi også finn den sosiale variabelen foreldrebakgrunn. Det betyr at sjansen for at ein tynsetungdom vil droppe apokope er svært liten dersom vedkomande har begge foreldra frå plassen. Det er nærmast ein føresetnad at ein av foreldra må vere frå ein annan plass for at den nivellerte varianten skal kunne førekome. Det å bruke NEG-L korresponderer særleg med ALDERover40. Det å seie *itte* på Tynset signaliserer med andre ord at du ikkje er heilt ung lenger. Det er faktisk ingen av dei unge informantane på Tynset som bruker den tradisjonelle forma (jf. kap. 8, pkt. 8.4 1). Det å bruke BFPL-N korresponderer særleg med AKADja. Det vil seie at det å bruke den nivellerte varianten av fleirtalsendinga i bestemt form signaliserer ei viss sosial plassering. Det gjer også bruk av dei nivellerte variantane av dei andre morfologiske variablane og av trykkplassering i importord (jf. dei grøne områda i kartet). Ung alder spelar også inn, men er ikkje tilstrekkeleg åleine for å motivere til bruk av desse nivellerte variantane – du må i tillegg tilhøyre eit visst sosialt lag. Det er dessutan mest sannsynleg at du vil bruke desse nivellerte variantane om foreldra dine ikkje kjem frå Tynset.

Samla sett kan det sjå ut til å vere mindre homogenitet enn venta mellom dei lokale språklege variantane og dei sosiokulturelle trekka på Tynset (med unntak av NEG-L). Dette heng kanskje saman med at dei lokale morfologiske trekka generelt har lågare symbolsk

kunngjeringskraft enn dei fonologiske. På Røros såg vi t.d. at dei lokale variantane av dei morfologiske variablane hadde lågare lokal "energi" og lågare lokal signaleffekt enn dei fonologiske. Sidan fleire av dei fonologiske trekka er meir eller mindre uaktuelle på Tynset, blir kan hende heller ikkje samanhengen mellom dei tradisjonelle trekka og dei sosiale variablane like tydelege her som på Røros. Dei nivellerte variantane av dei morfologiske trekka har likevel, som vi har sett, tydelege sosiale implikasjonar også på Tynset. Ved å konsentrere oss om dei unge informantane og om fleire sosiale dimensjonar vil vi kanskje få fram eit endå tydelegare bilete av korleis dei sosiale og språklege dimensjonane er vevd saman.


9.2.6 Dei unge tynsetinformantane

Det todimensjonale kartet i figur 9.8 oppsummerer 57.88 % av variansen i materialet (1. dim. 38.69 % og 2. dim. 19.19 %). Det mest interessante ved figuren er korleis dei ulike sosiale variablane klumpar seg saman i tre ulike område av kartet. Desse områda kan tolkast som uttrykk for ulike sosiale praksisfelt. Til venstre i kartet finn vi punkta for dei lokalt orienterte, som er positive til heimstaden og til dialekten, som er ikkje-akademiske, går på yrkesfagleg studieretning og som tilhøyrer rånarane. Alle desse punkta har høg representasjonskvalitet og medverkar sterkt til danninga av dei to første aksane. Dei blir også godt forklarte langs dei to aksane.

Det språklege punktet som særleg er assosiert med utøvinga av ein lokal livsstil og som dermed må tenkjast å ha ein relativt sterk lokal "energi", er den lokale varianten av det personlege pronomenet PERS.1-L. Det å seie *je* har altså ei klar lokal kunngjeringskraft, og er eit trekk som særleg blir knytt til dei lokalt orienterte rånarane. Også fleire andre lokale variantar er lokaliserte i den venstre delen av biletet. Bruk av lokale trekk blir dermed generelt kopla til ein lokal, ikkje-akademisk livsstil.

Det individpunktet som særleg er kopla til ein slik livsstil og språkleg praksis, er Varg, men også Bo, Ane og Gunnar. I den høgre delen av kartet finn vi den urbant orienterte sossen som gjerne har akademisk familiebakgrunn. Dei språktrekka som viser seg å ha sterkast urban og akademisk signaleffekt, er dei nivellerte variantane av presens sterke verb, trykkplassering i importord og tredje person personleg pronomen. Vil du vise at du tilhøyrer eit visst sosialt lag

og i tillegg er byorientert, er det altså lurt å seie *de*, *kommer* og *sta'sjon* i staden for *dæm*, *kjæm* og *'stasjon*. Dei individa som særleg er kopla til ein slik sosial og språkleg praksis, er Laila og Kåre. Kjønn ser ut til å spele mindre rolle. TRYKK, som hadde ein heilt eigen dynamikk på Røros, ser her meir ut til å falle inn i det generelle bildet. Er det kan hende slik at trykkplassering er "kjønna" på Røros, men ikkje på Tynset? (meir om det i pkt. 9.2.9). Også fleire av dei andre nivellerte variantane er å finne i den høgre delen av grafen. Bruk av nivellerte former blir altså generelt kopla til urban orientering, mobilitet og til ungdomsgruppa soss/skatar.



Figur 9.8 Korrespondansekart (todimensjonalt) over dei unge informantane på Tynset og alle dei sosiale og språklege variablane

Gruppa skule/idrett dannar sentrum for det tredje sosiale praksisfeltet, som både språkleg og sosialt utgjer eit slags kompromiss mellom dei to andre felta. I denne gruppa finn vi ungdomar som er nøytrale til dialekten, nøytrale til det urbane, men negative til heimstaden og som gjerne vil flytte. Slik det går fram av kartet over rørosungdomane i figur 9.3, ligg punkta for Heimstad-minus og Flytte i ytterkanten av kartet, i same området som gruppa soss/skater. Det å vere negative til heimstaden og ønske om å flytte, er såleis heller uvanleg blant ungdomane på Røros og er først og fremst knytt til ei bestemt gruppe ungdomar. På Tynset, derimot, er det å uttrykkje seg negativt om heimstaden og ønske om å flytte, snarare regelen enn unntaket. Punkta for Heimstad-minus og Flytte ligg her i det same området som "mainstream"-ungdomane (jf. fig. 9.8). Det er altså ikkje berre dei mest urbant orienterte sossane som er negative til Tynset. Det er heller ikkje berre dei som vil flytte. Ønsket om å flytte er generelt sterkare hos fleire ungdomar uavhengig av gruppeplassering enn det som er tilfellet på Røros. Det er rimeleg å knyte dette mønsteret til diskusjonen om etnolingvistisk vitalitet og stads-identitet (jf. kap. 5, pkt. 5.4). Som tidlegare nemnt, fortonar Røros og Tynset seg som to temmeleg ulike plassar – ikkje berre i det ytre, men også når det gjeld kva for verdi det å vere frå dei to plassane ser ut til å ha for den enkelte. I dei følgjande kapitla vil eg kome nærare inn på og diskutere både likskapar og ulikskapar mellom dei to plassane.


9.2.7 Samanlikning av Røros og Tynset

I figur 9.9 nedafor ser vi ei tredimensjonal framstilling av punktsettet for dei språklege variablane som er felles for Røros og Tynset. Figur 9.10 viser plasseringa til punktsettet for alle informantane på dei to plassane i det same tredimensjonale biletet. Dei to tredimensjonale modellane dekomponerer om lag 82 % av den totale variansen i datasettet. Den horisontale førsteaksen, som oppsummerer mest 60 % av variansen, diskriminerer klart mellom nivellerte og ikkje-nivellerte former og mellom Røros og Tynset.

Av figur 9.9 går det fram at så å seie alle dei nivellerte variantpunkta samlar seg i den venstre delen av biletet, medan dei lokale variantpunkta ligg i den motsette delen av den grafiske framstillinga.[201] Vi finn altså att den same dikotomien som vi har sett i karta ovafor,

[201] Berre den nivellerte varianten av apokope ligg i høgredelen av biletet. Av punktbidraga går det fram at APOK-NIV yter svært lite til den totale tregheita i datasettet. Punktet er heller ikkje godt forklart langs nokon av dei tre

men det er grunn til å minne om at dikotomien ikkje er heilt den same på dei to plassane. Den skarpe dikotomien overskyggar dessutan kan hende andre meir subtile forskjellar.



Figur 9.9 Korrespondansekart (tredimensjonalt) over dei språklege variablane som er felles for Røros og Tynset

Dei språklege variantpunkta som er aller best representerte og forklarte i figur 9.9, er dei lokale og nivellerte variantane av dei lange alveolarane, nektingsadverbialet og dei nivellerte variantane av første person personleg pronomen og trykkplassering i importord. Dette er alle


aksane og har låg representasjonskvalitet. Dermed bør ein ikkje legge for mykje i den litt pussige plasseringa i det tredimensjonale biletet, men heller unngå å tolke dette punktet.

trekk som samla sett blir nivellerte etter måten *mykje* anten både på Røros og Tynset eller berre på Tynset. Lange palatale alveolarar er lite resistente trekk både blant røros- og tynset-informantane. Den tradisjonelle forma av nektingsadverbialet, derimot, er svært resistent på Røros og svært *lite* resistent på Tynset. Trykkplassering på førstestaving i importord held seg relativt godt begge plassar, men har, som eg vil kome attende til, truleg litt ulik sosial dynamikk (jf. pkt. 9.2.9). (NEG og TRYKK er markert med oransje liner og sirklar i fig. 9.9).

På Tynset ber bruk av det lokale personlege pronomenet *je* med seg signal om rural livsstil og sterk lokal tilhørsle og er på veg ut av bruk hos alle dei unge med unntak av rånarane. På Røros, derimot, er bruken av *je* ikkje knytt til ein spesiell livsstil eller orientering og held seg svært godt på tvers av sosiale grupper. Dette trekket har med andre ord ulik sosial "energi" og ulik signaleffekt på dei to plassane.

Når vi ser på Røros og Tynset samla, er det dei nivellerte variantane av presens svake verb og trykkplassering i importord som strekkjer andreaksen (lyseblå line i fig. 9.9). Det er også desse variantane som strekkjer andreaksen når vi ser på Røros og Tynset kvar for seg (jf. fig. 9.1, 9.2, 9.4 og 9.6 ovafor). Dei nivellerte variantane av presens sterke og svake verb har begge høg representasjonskvalitet langs dei tre aksane og dei blir relativt godt forklarte langs førsteaksen (er markerte med lilla ringar i fig. 9.9). Dette er trekk som er svært stabile både på Røros og Tynset, og som altså sjeldan opptrer i nivellert form på begge plassane. Dei *morfologiske* trekka er med andre ord dei mest stabile når vi ser på Røros og Tynset under eitt.

I figur 9.10 nedafor ser vi korleis dei ulike informantane frå Røros og Tynset plasserer seg i høve til kvarandre. Grovt sagt hamnar rørosinformantane til venstre i kartet, medan tynsetinformantane klumpar seg saman på høgresida. Førsteaksen diskriminerer klart mellom Røros på den eine sida og Tynset på den andre. Dette stadfestar det vi allereie veit, nemleg at det er ei klar differensiering mellom informantane på dei to plassane, og at den språklege røyndomen på Røros og Tynset er temmeleg forskjellig. Nivelleringa av tradisjonelle dialekt-trekk har, som vi såg i kapittel 8, kome mykje lengre på Tynset enn på Røros, noko som blant anna heng saman med ulik innbyggjarmobilitet, men ikkje berre det (jf. pkt. 8.16).




Figur 9.10 Korrespondansekart (tredimensjonalt) over alle informantane på Røros og Tynset

Dei rørosinformantane som relativt sett nivellerer mest, ligg nærmast tynsetsida i kartet og nærmast gjennomsnittspunktet for alle individa samla (jf. fig. 9.10). Her finn vi, som venta, Tom og Iris, far og dotter, og vi finn soss/skatar-gutane Sondre, Truls, Magne og Bjørn. Med unntak av Truls er alle desse godt representerte i kartet. Tom og Iris yter begge mykje til danninga av andre- og tredjeaksen og blir også godt forklarte langs desse aksane. Alva er den einaste av tynsetinformantane som ligg meir over mot rørossida i kartet. Dette heng sjølvsagt saman med at ho er den av informantane på Tynset som bruker flest tradisjonelle dialektformer. Elles plasserer alle tynsetinformantane – uavhengig av alder, kjønn, gruppe-tilhørsle eller andre sosiale kategoriar – seg godt over på høgresida av kartet. Laila, Kåre og Arne skil seg noko ut frå resten av informantane frå Tynset. Dei ligg samla på ei rekkje nede til høgre i kartet og medverkar særleg til å strekkje førsteaksen og til å polarisere materialet. Desse tre, som alle er svært godt representerte i kartet, er dei av tynsetinformantane som relativt sett nivellerer mest. Vi ser dermed at førsteaksen skil dei med relativt sett høg nivelleringsprosent frå dei med relativt sett låg nivelleringsprosent, der ytterpunkta er Laila og Kåre på tynsetsida og Finn og Gunn på rørossida.

I figur 9.11 nedafor ser vi ei todimensjonal framstilling av alle informantane på Røros og Tynset og alle dei språklege variablane som er felles for dei to plassane i eitt og same grafiske bilete. Her ser vi igjen tydeleg korleis tynsetinformantane plasserer seg i same del av kartet som dei nivellerte variantane, medan rørosinformantane i hovudsak er å finne på same side som dei lokale dialektvariantane. Det todimensjonale kartet fangar opp godt over 70 % av variansen i materialet (1. dim. 59.63 % og 2. dim. 11.94 %). Det kanskje mest interessante i dette biletet er dei lokale variantane som hamnar nær barysenteret eller origo (den blå ringen i fig. 9.11). Dette er lokale variantar som stort sett *alle* informantane *både* på Røros og Tynset bruker. Det er med andre ord svært resistente og stabile trekk på begge plassane, men dei er likevel relativt sett mest assosierte med Røros (jf. plasseringa i fig. 9.11). BFPL-LOK, dvs. bøyingsendinga *-an* i bestemt form fleirtal, plasserer seg så å seie midt i origo, og ligg såleis nær gjennomsnittsprofilen for heile tabellen. Det vil seie at denne varianten uttrykkjer ein teoretisk profil som liknar marginalfordelingane for alle informantane. Dei lokale variantane av presens sterke og svake verb PRES-ST-LOK, PRES-SV-LOK ligg også nær origo. Vi ser altså det same som ovafor, nemleg at det er dei *morfologiske* trekka som er mest stabile og som har lågast lokal kunngjeringskraft, når vi ser på Røros og Tynset under eitt. Men dei

lokale variantane av tredje person personleg pronomen, PERS.3-LOK, og trykkplassering i importord, TRYKK-LOK, ligg også nær barysenteret, og er dermed relativt stabile trekk. Både unge og vaksne både på Røros og Tynset vil altså kunne seie ei setning som: "*håpe dæm kjæm* med *bilan* til *'stasjonen*" utan at det nødvendigvis ber med seg sterke signal om sosial plassering eller kulturell orientering. Men bruk av dei *nivellerte* variantane av desse variablane, "*håper* de *kommer* med *bilene* til *sta'sjonen*", vil derimot bere med seg temmeleg klare signal om sosiokulturell plassering og orientering.

Dei to språktrekka som særleg medverkar til å differensiere mellom dei to plassane, er bruken av nektingsadverbial NEG og første person personleg pronomen PERS.1 (lyseblå liner i fig. 9.11). Desse trekka har svært høge absolutte og relative bidrag, god representasjons-kvalitet og yter mykje til å strekkje første- og andreaksen i den todimensjonale framstillinga. *Je* og *itte* er altså framleis hovudformene på Røros, medan *jeg* og *ikke* er i ferd med å ta over på Tynset (jf. også kap. 8, pkt. 8.4 og 8.13). Som vi har sett, har bruk av *je* og *itte* tydeleg sosial kunngjeringskraft på Tynset, medan det same ikkje er tilfellet på Røros (sidan mest alle informantane på tvers av sosiale grupper bruker dei lokale variantane). Motsett har bruk av *jeg* og *ikke* svært klar sosial signaleffekt på Røros, medan det same ikkje nødvendigvis er tilfelle på Tynset (sidan mest alle informantane på tvers av sosiale grupper bruker dei nivellerte variantane her).




Figur 9.11 Korrespondansekart (todimensjonalt) over alle informantane og alle dei språklege variablane på Røros og Tynset


9.2.8 Unge på Røros og Tynset

Korrespondansekart over alle dei *unge* informantane på Røros og Tynset, figur 9.12 og 9.13, viser på same måte som ovafor ei klar differensiering mellom dei to plassane, men karta viser også at *andre* kategoriar enn geografisk opphavsstad har stor innverknad på dialektbruken. Også når vi ser alle ungdomane under eitt, står mobilitet, akademisk bakgrunn og urban livsstil i klar kontrast til lokal orientering, ikkje-akademisk bakgrunn og tradisjonell livsstil (dei lilla linene i fig. 9.12). Kjønnsdimensjonen, derimot, slår ikkje særskilt kraftig ut (rosa line i fig. 9.12). Det er likevel *eitt* trekk som ser ut til å gjere utslag langs kjønnsdimensjonen, nemleg trykkplassering i importord (meir om dette under pkt. 9.2.9).

Det todimensjonale kartet i figur 9.12 fangar opp rundt 73 % av variansen i materialet, medan den tredimensjonale framstillinga i figur 9.13 oppsummerer om lag 81 % av variansen. I den tredimensjonale framstillinga av alle dei unge informantane ser vi at gruppetilhørsle slår svært tydeleg ut, og at dei fire ungdomskategoriane praktisk talt hamnar i kvart sitt hjørne av kartet. Det vil seie at det er klar samanheng mellom språk, lokalitet og sosiokulturell plassering, og at ein for enkelte trekk nærmast kan krysspredikere sosial tilhørsle med bruk av lokale eller nivellerte variantar og vise versa. Kontrasten er særleg stor mellom busen/rånarane på den eine sida og sossen/skatarane på den andre, der vi ser ei svært klar polarisering. Den same polariseringa kjem til syne i det todimensjonale kartet. Her ser vi dessutan tydeleg korleis lokal orientering står i kontrast til urban orientering, og korleis tradisjonelle interesser og verdiar står i opposisjon til meir moderne eller globale verdiar og interesser. Ved å sjå på kva for variabelpunkt som plasserer seg saman i ulike delar av kartet, og ved å tenkje additivt-kumulativt, kan vi danne oss eit bilete av korleis dei ulike punkta samverkar: Er du gut frå Røros med begge foreldra frå plassen, lokalt orientert, med yrkesutdanning og tilhøyrer busen, vil du nok høgst sannsynleg ikkje nivellere nokon av dei trekka vi har sett på her. Men er du gut frå Røros med berre ein forelder frå plassen, urbant orientert, med allmennfagleg utdanning og tilhøyrer sossen, er det ikkje urimeleg å vente at du vil nivellere S-PAL først og så N-PAL, L-PAL, JAM, K/KV osb. (jf. pkt. 8.16).



Figur 9.12 Korrespondansekart (todimensjonalt) over alle dei unge informantane på Røros og Tynset



Figur 9.13 Korrespondansekart (tredimensjonalt) over alle dei unge informantane på Røros og Tynset

I figurane ovafor ser vi altså at det utkrystalliserer seg fire ulike sosiokulturelle grupperingar eller sosiale praksisfelt som kvar kan knytast til dei fire ungdomsgruppene (jf. dei fire sirklane i fig. 9.12). Hovudskiljet går, som vi har sett fleire gonger tidlegare, mellom busen/rånarane på den eine sida og sossen/skatarane på den andre. Desse to grupperingane har svært ulike sosiale og språklege profilar og utgjer hovudmotsetnadene og ytterpunkta i ungdomsmiljøet. Positive haldningar til heimstaden og dialekten, ikkje-akademisk bakgrunn, interesse for rural bygdekultur, lokale tradisjonar og tradisjonelt levesett er mest typisk for bus/rånar-gruppa, medan orientering mot urban/global ungdomskultur, akademisk bakgrunn, mobilitet og "moderne" livsstil er mest assosiert med soss/skatar-gruppa. Mellom desse mest tydelege gruppene finn vi likevel også andre interessante, om enn ikkje så eintydige, grupperingar. Lokal orientering er nemleg ikkje berre assosiert med bus/rånar gruppa, men også med skule/kultur-gruppa, dvs. meir kulturelt orientert, akademisk ungdom. Deira kulturelle orientering inkluderer *både* lokalt forankra kulturuttrykk, globale ungdomskulturelle uttrykk og meir akademiske "finkulturelle" uttrykk. Men denne grupperinga sitt forhold til det "lokale" er gjerne litt annleis enn det ein finn hos busen/rånarane. Dei har det ein kunne kalle for eit meir "intellektuelt" eller refleksivt forhold til det lokale, i den forstand at dei har eit bevisst og reflektert, men kanskje også litt distansert forhold til lokale kulturuttrykk av ymse slag – inkludert språk. Dei er ikkje nødvendigvis sjølve dei fremste *utøvarane* av den lokale kulturen, men har kanskje vel så mykje eit tilskodar- som eit deltakarperspektiv. Dette er kulturelt bevisste ungdomar som vurderer lokal kultur som viktig og verneverdig, men som også er opptekne av verda utafor. Dette viser at ungdom godt kan vere "moderne", utettervende og engasjerte i den globale ungdomskulturen, men samtidig vere opptekne av lokal kultur og identitet.[202] Ein kan til og med vere oppteken av det lokale på ein "moderne" måte (jf. kap. 5, pkt. 5.2.2). Eller for å snu på det: det lokale kan i høgste grad vere "moderne" – avhengig av fortolking og bruk (jf. t.d. Giddens 1996, 2002 og Beck & Beck-Gernsheim 2002 om individualisering, rekontekstualisering og refleksiv seinmodernitet). Vi bør altså revidere førestellinga om homogen åtferd og ikkje ende opp med ei fossilisert utgåve (eller "vulgær-utgåve") av Bourdieus habitus. "Det lokale, rurale og tradisjonelle" på den eine sida

[202] Evna til å sjå utetter og innetter på same tid er vel å merke korkje ny eller "moderne", men gir assosiasjonar til bygdeintellektuelle som Arne Garborg, "Europear og Jærbu", eller Olav H. Hauge, som kombinerte det jordnært folkelege og europeisk intellektuelle. Ei slik kopling mellom tradisjonen og det folkelege på den eine sida, og det

og "det globale, urbane og moderne" på den andre, er i høgste grad arbitrære teikn. Dei treng ikkje å bety det same for alle, i alle grupper eller for den saks skuld bety det same på Røros og Tynset.

Ei fjerde gruppering finn vi rundt ungdomsgruppa skule/idrett. Desse ungdomane blir, på same måte som sossen, assosierte med mobilitet og global ungdomskultur, men er samtidig knytte til tradisjonelle verdiar og interesser. Typisk for denne gruppa er at dei er opptekne av idrett, men fleire av dei er også aktive innafor meir tradisjonelt forankra aktivitetar, som tradisjonsmusikk, dans, Røde kors osb. Idrettane dei driv med, er dessutan oftast lokalt baserte og tek gjerne utgangspunkt i lokal natur. Vinteridrettar som ski og skiskyting har solide tradisjonar både på Røros og Tynset, og er noko fleire av dei unge er engasjerte i på ulike nivå. Dei som aktivt bruker naturen og terrenget rundt Røros og Tynset i idrettssamanheng, er altså meir opptekne av og positive til det lokale, og har, som busen, ein langt meir lokalt orientert livsstil enn sossen og skatarane. Men dei er likevel ikkje så rotfaste og så orienterte mot den rurale bygdekulturen som busen. Kulturelt representerer denne gruppa altså ein slags hybrid mellom busen og sossen – eller mellom "jakt- og fiskegutta" og "snowboardarane" (jf. Skogen 2001). Dei er både lokale og mobile på same tid. Dei vil ut av bygda, men fleire av dei kan godt tenkje seg attende etter nokre år. Dei skil seg frå den andre mellomgruppa, skule/idrett-gruppa, ved at dei ikkje er særskilt akademisk eller intellektuelt orienterte og har dei heller ikkje eit så refleksivt forhold til heimplassen.

Som vi ser av figur 9.12, finn vi flest lokale dialektvariantar på venstresida av kartet.[203] Her finn vi også dei fleste rørosungdomane. Dei nivellerte variantane ligg i hovudsak på høgresida i kartet, og her finn vi også alle tynsetungdomane. Slik det går fram av figurane, er det relativt sett større variasjon blant rørosungdomane enn blant tynsetungdomane. Røros-ungdomane spreier seg ut over eit større område, mens tynsetungdomen klumpar seg saman på eit mindre område av kartet. Det ser med andre ord ut til å vere *større* språkleg og sosiokulturell differensiering blant rørosungdomen enn blant tynsetungdomen. Relativt vurdert ser altså tynsetungdomen ut til å vere ei noko meir homogen gruppe både språkleg og sosialt enn rørosungdomen. Men dette kan også henge saman med at den primære dikotomien

nye, moderne eller intellektuelle på den andre, minner dessutan om det nynorske idealet om å vere folkeleg og akademisk samtidig og "dra seg til minnes talemålet heiman or bygdene" (Stegane 1992 etter Grepstad 2002:72).

[203] Dei lokale dialekttrekka er markerte med eit eittal i karta ovafor (t.d. NPAL1), medan dei nivellerte variantane er markerte med eit total (t.d. NPAL2).

mellom Røros og Tynset overskuggar meir subtile forskjellar. Det opplagde skiljet mellom rørosungdomen og tynsetungdomen står for hovudstrekket i den grafiske framstillinga og oppsummerer mykje av variansen i talmaterialet. Dermed blir altså meir subtile forskjellar vanskelegare å få auge på. Det gjeld, som vi har sett, særleg for tynsetungdomen, som alle har hamna i éi stor gruppe. Dei interne forskjellane i denne gruppa kjem dermed ikkje så klart fram. Derimot kjem differensieringa av rørosungdomane svært tydeleg fram i figur 9.12 og 9.13. Særleg når det gjeld rørosungdomane, gir karta grunnlag for å knyte dei fire sosio-kulturelle felta til ulike språklege praksisar. Viss du er ein lokal tradisjonalist frå Røros, vil du ha høge innslag av tradisjonelle trekk med sterk lokal kunngjeringskraft som S-PAL, N-PAL, L-PAL og MON. Desse trekka er tilsvarande uaktuelle for ein urbant orientert, mobil soss på Røros. Hos desse ungdomane er dessutan sjansen for å finne former som *ikke* (NEG2) og *kommet* (SUP2) relativt stor. Den språklege praksisen til mellomgruppene er litt mindre tydeleg. Her er det ikkje så enkelt å forutseie bruk av trekk. Mellomgruppene utgjer meir hybride språklege profilar. Dessutan spelar også kjønn inn her. Dei to yttergruppene består hovudsakleg av gutar, medan mellomgruppene er meir samansette. Er du kulturelt og akademisk orientert, men med interesse for det lokale, er det mykje truleg at du også vil nivellere dei trekka med sterk lokal kunngjeringskraft først, men det kan også vere at du *bevisst* vil gå inn for å bevare nettopp desse trekka (jf. Chris, kap. 10, pkt. 10.1.3.2). Viss du driv med lokalt basert idrett og orienterter deg mot både lokal og internasjonal ungdomskultur, er sjansen stor for at dei mest lokale trekka forsvinn først, men det er mindre sannsynleg at du vil gå aktivt inn for å bevare eller gjere forsøk på å revitalisere dialekten.

9.2.9 Kva er det med trykkplassering i importord?

Slik eg har vore inne på fleire gonger i dette kapittelet, oppfører variabelen TRYKK seg noko annleis og ser ut til å bli forklart langs andre sosiale dimensjonar enn dei andre språklege variablane. TRYKK er nemleg den einaste variabelen som slår tydeleg ut langs kjønns-dimensjonen. Generelt ser denne sosiale kategorien ikkje ut til å ha særleg innverknad på språkvala til dei unge på Røros og Tynset, men når det gjeld bruk av trykkplassering i importord, har den altså det. Både på Røros og Tynset, men særleg på Røros, har denne variabelen ein heilt eigen dynamikk. Han yter som vi har sett, svært lite til danninga av

førsteaksen, men dess meir til danninga av andre- og tredjeaksen (jf. t.d. fig. 9.9 ovafor). Trekket blir også først og fremst forklart langs desse to aksane. Det betyr at trykkplassering i importord ikkje er så godt korrelert med dei andre språklege variablane, men at den likevel har diskriminerande kraft. Det gjeld særleg den nivellerte varianten av variabelen, TRYKK-N, som er med på å strekkje andre- og tredjeaksen. Den lokale varianten av variabelen TRYKK-L har ikkje så god representasjonskvalitet og blir først og fremst forklart langs tredjeaksen. Dette betyr at TRYKK-L og TRYKK-N ikkje er symmetriske, og at det dermed vil vere *ulike* sosiokulturelle og psykologiske grunnar til eller motivasjonar for å nivellere denne variabelen kontra å behalde den tradisjonelle uttalen. Aktiv sløyfing av ein variant eller aktivt val av den same varianten treng altså ikkje å vere symmetrisk plasserte. Dette er ikkje noko ukjent fenomen. Meyerhoff (1996:213) refererer t.d. til granskingar som viser at glottalisering av lukkelydar først og fremst er ein markør for maskulin identitet. Blant kvinner er variasjonen mykje større ved denne variabelen og er heller knytt til registervariasjon enn til kjønns-identitet:

> [...] glottalization of stops in Tyneside English is a linguistic marker for both men and women but with different symbolic meaning for the two groups. For men, it is a marker of gender; for women, it is a marker of register. This example serves as an important reminder that correlation between sex and use of a linguistic variable functions primarily as an intergroup marker of gender. (Meyerhoff 1996:213, som refererer til Lesley Milroy 1990).

I punkt 9.2.3 ovafor gjekk det fram av, TRYKK-L og kategorien gut hamnar relativt sett nær kvarandre blant rørosungdomane, medan TRYKK-N og kategorien jente *ikkje* viser ein tilsvarande affinitet for kvarandre. Analysen genererer dermed ein hypotese om at den lokale varianten av dette trekket har verdien +maskulin på Røros, men at den nivellerte varianten av trekket *ikkje* på tilsvarande måte har verdien +feminin. Dette mønsteret er likevel ikkje like tydeleg hos tynsetungdomane. TRYKK har ikkje like stor maskulin ladning på Tynset som på Røros, noko som igjen illustrerer at trekkets symbolske innhald er arbitrært. Vi kan dermed gå vidare med ein hypotese om at ein mannleg soss på Røros som nivellerer TRYKK, vil fortone seg som *mindre* maskulin enn ein gut i same gruppa på Tynset som gjer det same.

Den tradisjonelle varianten av denne variabelen blir samla sett brukt langt hyppigare hos gutane enn hos jentene, og ser altså ut til å bli oppfatta som eit typisk maskulint trekk (jf. kap. 8, pkt. 8.5). Det er likevel ikkje eit trekk som er *eksklusivt* for gutane på nokon måte. Trykk på førstestaving i importord er, som vi har sett, relativt stabilt både blant gutar og jenter på begge

plassane. Men *relativt* sett opptrer den tradisjonelle varianten hyppigare hos gutane enn hos jentene *både* på Røros og Tynset. Forskjellen i frekvens kan vere ein av grunnane til at det truleg blir oppfatta som eit maskulint trekk.[204] I kapittel 8 såg vi at bruk av trykk på førstestaving i importord til og med blir brukt *meir* av soss/skatar-gutane på Røros enn av jentene i dei to mellomgruppene (jf pkt. 8.5.2). Desse gutane nivellerer andre trekk som t.d. palatale alveolarar eller opphavlege jamvektsformer hyppigare enn jentene, men akkurat når det gjeld trykkplassering, nivellerer dei langt mindre. Dette styrkjer hypotesen om at dette er eit typisk maskulint trekk som det er heilt legitimt, og kanskje forventa, at gutane bruker, men som det ikkje er like påkravd eller aktuelt for jentene å bruke. Trykkplassering på førstestaving i importord er vel å merke *ikkje* eit spesielt ruralt trekk, men eit trekk som også blir brukt i urbane strok. Soss/skatar-gutane kan dermed "trygt" bruke dette trekket utan å bli plasserte langt ute på bygda. Men i osloområdet har trekket ein klar sosial distribusjon, og vil her dermed kunne plassere og stigmatisere dei sosialt. Her ser vi igjen det arbitrære. I tillegg til å vere eit lågstatus arbeidarklassetrekk i hovudstaden, blir det nok også her oppfatta som eit maskulint og litt røft trekk. Trykkplassering på førstestaving er kanskje, på same måte som glottalisering av lukkelydar i Tyneside-engelsk, ein *registervariant* for jenter i osloområdet. Viss jenter skal "tøffe" seg litt og nærme seg den maskuline arenaen, bruker dei denne varianten. Elles bruker dei den mindre markerte, "normale" nivellerte varianten.[205] Sidan trykkplassering på førstestaving i importord er eit så geografisk utbreidd og lite sosialt markert trekk på Røros og Tynset, har det neppe same tydelege sosiale verdi her som i hovudstaden, bortsett frå at det blir mest assosiert med gutane. Det er nærliggjande å spørje om det at eit trekk som TRYKK ser ut til å indeksere maskulinitet, er ein av *grunnane* til at det blir brukt meir av gutane enn av jentene, eller om det er ein *konsekvens* av at dette trekket blir brukt meir av gutane. Her er vi inne i ein klassisk høna-og-egget-problematikk, der det einaste fornuftige svaret etter mi meining må vere at det er ein dialektisk samanheng mellom dei to nivåa. Dei påverkar kvarandre gjensidig og yter sitt til at allereie etablerte språklege kjønnsskilnader blir

[204] I diskusjonen kring samanhengen mellom bruk av særskilde språkformer og tilhørsle i ulike sosiale grupper, skil Walt Wolfram (1997:118f) mellom såkalla "group-exclusive forms" og "group-preferential forms". Den førstnemnde typen er språklege variantar som utelukkande blir brukte av språkbrukarar i bestemte sosiale grupper. Den sistnemnde typen, derimot, er språklege variantar som finst i mange ulike grupper og i ulike språksamfunn, men som særleg blir føretrekte av språkbrukarar i visse grupper, og som dermed er særleg frekvente i desse gruppene.

[205] I diskusjonar om oslomål har fleire unge kvinnelege studentar frå Oslo skildra sin språklege praksis på denne måten. Diskusjonane gjekk føre seg på kurs i dialektologi og sosiolingvistikk på BA-nivå hausten 03 og våren 04.

oppretthaldne og kanskje til og med i somme tilfelle forsterka. Det same vil ein kunne seie om fleire av dei andre sosiale kategoriane vi har sett på her – som t.d. tilhørsle i ulike ungdomsgrupper. Dei "kjønna" eller "gruppespesifikke" språklege mønstra blir altså ein viktig komponent i den sosiale konstruksjonen av kjønn eller grupper, og vil på den måten vere med på å oppretthalde forskjellane mellom kjønn eller mellom ulike ungdomsgrupper. Forholdet mellom lingvistiske variablar og den symbolske og sosiale meininga dei blir tillagt er vel å merke ikkje statisk og gitt ein gong for alle, men noko som heile tida vil vere gjenstand for forhandling og revidering gjennom språkbrukarane sin språklege og sosiale praksis. Eller som Eckert (2000:43) seier:

> Variation does not simply reflect a ready-made social meaning; it is part of the means by which that meaning emerges. A study of social meaning in variation, then, cannot view speakers as incidental users of a linguistic system, but must view them as agents in the continual construction and reproduction of that system. Social meaning in variation is not a static set of associations between internal linguistic variables and external social variables; it is continually created through the joint linguistic and social engagement of speakers as they navigate their ways through life.

Markering og etablering av maskulinitet eller femininitet, eller av særskilde gruppeidentitetar, har knappast status som kausalforklaringar på lingvistiske skilnader, men det medverkar i alle fall til å gi ei forståing av korleis og kvifor ulike sosiale grupper opptrer ulikt språkleg sett.

9.2.10 Meir om kjønn og gruppetilhørsle

I analysane ovafor har vi sett at gruppetilhørsle, grad av mobilitet, sosial bakgrunn og lokal kontra urban orientering er dei sosiale kategoriane som slår aller tydelegast ut i forhold til dei fleste språklege variablane både blant røros- og tynsetungdomen. Kjønn slår derimot mindre ut. Med unntak av trykkplassering i importord ser dei fleste variablane i denne granskinga ut til å vere forholdsvis nøytrale i forhold til denne sosiale kategorien. Kjønn er, som diskutert i kapittel 6 punkt 6.2.2, ein mykje brukt sosial variabel innafor sosiolingvistikken. I dei aller fleste granskingar har denne kategorien vist seg å vere avgjerande for språkval og språkbruk. Det er derfor litt pussig at denne kategorien tilsynelatande slår såpass lite ut her. Ein grunn til dette kan vere at hovudstrekket i korrespondansekarta blir danna av grupper som hovudsakleg består av gutar. Dermed kjem kan hende kjønn inn på ein annan måte ved dei andre variablane. Dei ungdomsgruppene som dannar ytterpunkta i ungdomsmiljøa på dei to plassane, bus/rånar på den eine sida og soss/skatar på den andre, består altså stort sett av gutar.

Jentene, derimot, plasserer seg oftast i mellomkategoriane. Dette *kan* sjølvsagt vere tilfeldig og skuldast for få informantar, men det er like rimeleg å tru at dette er eit bilete som vil gjenta seg, sjølv med fleire informantar. Ungdomsgranskingar også frå andre delar av landet viser at "ekstremgruppene" oftast består av gutar (jf. Øia 2001), og studien av ein svensk bygdeby viser det same mønsteret (jf. Eriksson 2001). Sidan ungdomsgruppekategoriane på denne måten ser ut til å vere "kjønna", er kan hende kjønnsvariabelen viktigare enn det som kjem fram i korrespondanseanalysane ovafor.

Alle dei unge informantane på Røros og Tynset fekk spørsmål om dei opplever at jentene og gutane opptrer forskjellig med omsyn til dialektbruk. Nokre få av ungdomane sa at dei opplever og er opptekne av at dialektbruk er "kjønna", men dei aller fleste svarte at dei *ikkje* opplever nokon markante kjønnsforskjellar i forhold til dialektbruk. Dei som opplever at det er ein forskjell, seier alle at jentene snakkar "penare" enn gutane, medan gutane snakkar meir tradisjonelt – altså den forventa inndelinga.

Haldningsgranskingar har synt at jenter og kvinner har langt meir å vinne på å snakke standardnært enn det gutar og menn har. Menn kan tvert om bli stempla som "femi" eller "homse" dersom dei snakkar "for pent" (jf. t.d. Maegaard 2002). Både Labov (1966) og Trudgill (1972) hevdar at menn brukar språk symbolsk på måtar som kvinner ikkje gjer. Menn kan velje å bruke lokale ikkje-standardformer nettopp for å understreke sin maskulinitet. Bruk av slike former indekserer etter deira meining opprør mot autoritetar og sjølvstende – sentrale trekk i den tradisjonelle konstruksjonen av maskulinitet. Den tradisjonelle konstruksjonen av femininitet inneber ifølgje Chambers og Trudgill, det motsette, nemleg aksept av autoritetar og tilpassing til reglar for "korrekt" språkbruk (jf. Chambers & Trudgill 1980:98). Men det er eit spørsmål om ein kan bruke den same forklaringa berre med motsett forteikn på det å bruke lokale ikkje-standardformer og det å bruke standardformer. Som vi såg ovafor, er bruk av den nivellerte og den lokale varianten av TRYKK ikkje symmetrisk. Gutar og jenter blir openbert ikkje vurderte likt. Det betyr ikkje det same for ein mann eller ein gut å snakke standardnært som for ei kvinne eller ei jente. Derfor kan ein ikkje nødvendigvis bruke dei same forklaringane, men med motsett forteikn, på begge kjønn. Ofte finst det rett og slett ikkje ein slik parallellitet. Ulike språktrekk betyr ulike ting, og ikkje alle trekk er like "kjønna". Nokre trekk skårar høgt på maskulinitetsaksen, andre skårar høgt på femininitetsaksen, medan andre att er meir nøytrale med omsyn til kjønn.

I ein rekkje vestlege samfunn er det langt meir "utbytterikt" for kvinner å bruke standardformer enn det er for menn. Motsett er det meir utbytterikt for menn å bruke lokale former enn for kvinner – uavhengig av kor lokalt orienterte dei måtte vere. Dette gjeld likevel ikkje universelt, sidan studiar i andre samfunn viser at menn *ikkje* snakkar mindre standardnært enn kvinner, og heller ikkje at dei har meir positive haldningar til ikkje-standard former enn kvinner (jf. James 1996:115). Det er dessutan her viktig å skilje mellom ulike typar innovasjonar og ulike typar samfunn. Som tidlegare diskutert er både rammevilkåra, den potensiell kunngjeringskrafta og den moglege gevinsten temmeleg *ulik* for t.d. kontakt-innovasjonar i eit bygdemiljø og abduktive innovasjonar i eit bymiljø (jf. kap. 4, pkt. 4.2.2 og kap. 6, pkt. 6.2.2). Den *rolla* jenter og gutar spelar i språkendringsprosessar som innovatørar og formidlarar, er altså ikkje den same i endosentriske urbane strøk og i eksosentriske perifere strøk. Kontaktinnovasjonar, som er mest aktuelle i eit studium av regional dialektnivellering, inneber som regel lån frå geografisk meir utbreidde eller sosialt meir prestisjefylte varietetar. Eit omgrep som *prestisje* er vel å merke temmeleg samansett. Kva for variantar og varietetar som har prestisje i ulike situasjonar og for ulike grupper, kan variere ganske kraftig (jf. omgrepa *open* kontra *lukka* prestisje Trudgill 1972). Det å bruke dialekt kan vere fylt med ein viss type prestisje og høg venta vinning for visse grupper, men manglande prestisje og låge utsikter til forteneste for andre grupper.

Det er interessant å leggje merke til at det utelukkande er *gutar* både på Røros og Tynset som svarer at bruk av dialekt er "kjønna", og det er i tillegg berre gutar med tilhørsle i bus/rånar-gruppa og idrettsgruppa. Det kan bety at gutane i desse gruppene opplever dialektbruk som ein arena for å spele ut sin kjønnsidentitet, medan korkje jentene eller gutane i soss/skatar-gruppa på same måte gjer det. Det kan sjå ut til at bruk av dialekt både har ein kjønnsmarkerande og ein kjønnskonstituerande funksjon for dei mest lokalt- og tradisjons-orienterte gutane. I granskinga av haldningar til og bruk av dialekt blant ungdomar i Piteå, har Lisa Eriksson gjort liknande observasjonar når det gjeld "absolutisterna", ein viss type rotfaste ungdomar (2001:103):

> Pitemålet är för dem mycket prestigefyllt och associeras med en mängd för dem positiva värden; manlighet, styrka, tuffhet, att vara schysst, för att ta några exempel. Samtliga pojkar i gruppen är mycket "rotfasta" och har ingen intentioner att lämna Piteå. Att prata pitemål signalerar för dem att en människa är på ett visst sätt och delar vissa värderingar. […] Intressant är också att pitemålet i den här gruppen verkar fungera manlighetskonstituerande, dvs. att graden av dialektalitet är ett slags mått på "hur mycket man man är".

Eva Sundgren peikar på eit liknande mønster i sin studie av språkleg endring blant kvinner og menn i Eskilstuna (2001:222):

> I Eskilstuna är kvinnorna ungefär lika mycket integrerade i lokalsamhället som männen, men det är bara männen som demonstrerar sin lokaltillhörighet med hjälp av språket. Att använda lokalspråk är inte något som hotar männens makt och prestige.

Ein "skikkeleg" mann som er godt integrert i det lokale miljøet, snakkar dialekt og held seg til den lokale norma. Det er også blant desse gutane og mennene at kravet til språkleg solidaritet er sterkast, og avvik frå norma vil bli sanksjonert kraftigast. Dette er eit velkjent mønster som har vorte rapportert frå ei rekkje vestlege språksamfunn (jf. t.d. Labov 1966, Trudgill 1972, Milroy 1980, Milroy & Milroy 1985, Pedersen 1994).[206] Og det er altså eit mønster, vi finn att blant dei lokale, rotfaste gutane på Røros og Tynset, men *ikkje* blant dei urbant orienterte gutane. Blant desse gutane fungerer tydelegvis ikkje dialektbruk som eit manndomssignal eller -ideal.

Meyerhoff (1996:208f) peiker på at kjønnsidentitet ofte har vist seg å vere ein viktigare eller meir markert gruppemarkør for gutar enn for jenter, og ein meir "salient" identitets-markør blant barn og unge enn blant vaksne. I tillegg meiner ho at kjønn er ein *mindre* "salient" markør for gruppeidentitet enn andre sosiale dimensjonar i ungdomstida. Dette *kan* også sjå ut til å vere tilfellet her. Altså: det er viktigare om du er soss eller bus enn om du er gut eller jente.

Ungdomane på Røros og Tynset fekk også spørsmål om det var andre forskjellar med omsyn til dialektbruk blant ungdomen enn forskjellen mellom jenter og gutar. Dei aller fleste nemnde då forskjellen mellom tradisjonelt og urbant orienterte ungdomar, dvs. mellom utøvarane av ein lokalt basert og tradisjonell livsstil på den eine sida og av ein meir urbant basert og "moderne" livsstil på den andre. Dei som vil vekk, snakkar "pent", mens dei som vil bli, held på dialekten, var eit typisk svar. Desse to gruppene er, som vi har sett, særleg tydeleggjorde gjennom ungdomsgruppene bus/rånar og soss/skatar.

I studien av ungdomane på Belten High viser Eckert (2000:112) at nøkkelen til å forstå den sosiale tydinga til den språklege variasjonen ligg i *interaksjonen* mellom sosialgruppe og

[206] Både Milroy og Pedersen ser på kjønn i *kombinasjon* med sosialt nettverk i høvesvis Ballymacarrett og Vissenbjerg. På begge plassane kjem ein fram til at menn har høgare integrasjonsindeks enn kvinnene, og at det er eit nært samband mellom menns bruk av den lokale dialekten og intergrasjonsindeksen deira. Sundgren fann, som vi såg i sitatet ovafor, *ikkje* ein tilsvarande skilnad mellom menn og kvinners integrasjonsindeks. Ho fann dessutan at menn snakkar meir dialektnært enn kvinnene sjølv om dei har lik indeks.

kjønn – dvs. mellom "jock" jenter og "jock" gutar, "burnout" jenter og "burnout" gutar. Sidan ungdomsgruppekategoriane i stor grad ser ut til å vere "kjønna" på Røros og Tynset, kan det vere grunnlag for å hevde noko tilsvarande her. Kjønn åleine er ikkje nok, men i *kombinasjon* med gruppetilhørsle har kjønn likevel ein viss innverknad. Hovudskiljet går, som vi har sett, ikkje mellom kjønnskategoriane, men *internt* mellom gutane – mellom bus/rånar-gutane og soss/skatar-gutane.[207] Bucholtz (1999) fann også at hovudskiljet gjekk *innom* og ikkje *mellom* kjønnskategoriane. I hennar studie går det sentrale skiljet mellom såkalla "cool-girls" og "nerd-girls", der "cool-girls" er innovatørar, leiarar og spreiarar av visse fonologiske endringar. Også i Chicago står jentene, meir presist burnout-jentene, i spissen for visse fonologiske endringar (jf. Eckert op. cit.). På Røros og Tynset, derimot, er det ikkje jentene, men *soss/skatar-gutane* som er den mest innovative gruppa. Dei fleste nye kontaktlån blir mest sannsynleg først introduserte i denne gruppa. Eriksson (2001) meiner også at det er dei *mannlege* "avståndstagarna" som går i front når det gjeld nivellering av den lokale pitedialekten. Det er med andre ord visse grupper av gutar som bruker flest standardtrekk (med unntak av trykkplassering i importord, som er eit tydeleg maskulint ladd trekk), motsett av det mange sosiolingvistiske granskingar har kome fram til.

Som alle andre sosiale identitetar er kjønnsidentitet ein gruppekategori som i somme samanhengar blir gjort salient og relevant, mens den i andre samanhengar vil vere mindre relevant. Kor vidt kjønnsidentitet vil vere ein viktig storleik eller ikkje, er med andre ord avhengig av den sosiale konteksten språkbrukarane er i. Kjønnsidentitet som sosial konstruksjon vil altså ha varierande sosial tyding for eit individ avhengig av situasjon. Det same gjeld sjølvsagt for ungdomsgruppeidentiteten til den enkelte. Om du er rånar eller soss, idrettsgut eller kulturjente, er kan hende viktig i nokre samanhengar, men svært lite relevant i andre. Gruppetilhørsle, sosiokulturell orientering og haldningar er sjølvsagt også dynamiske og fleksible storleikar. Vi har dermed nødvendigvis ingen garanti for at ungdomane i denne granskinga vil identifisere seg med t.d. sossen i *alle* sosiale samanhengar, eller om dei framleis vil ønske seg vekk frå heimplassen også i framtida. Dette er likevel eit mindre problem i denne samanhengen. Det interessante her er at val av språklege variantar er særleg sensitive nettopp i forhold til desse sosiale kategoriane, og likeeins kvifor dei er det.

[207] Til forskjell frå Eckert finn eg vel å merke relativt *få* soss/skatar-*jenter* og bus/rånar-*jenter*. Sjølve kategoriane ser her, i stor grad, ut til å vere kjønnsspesifikke.

9.2.11 Oppsummering

Vi har sett at korrespondanseanalysane av heile materialet skil klart mellom lokale og nivellerte variantar, og at analysane differensierer tydeleg mellom Røros og Tynset. Ikkje overraskande utgjer variant og plass dei tydelegaste polariseringane i materialet. Tynset-informantane plasserer seg stort sett i nærleiken av dei nivellerte variantane, medan dei fleste rørosinformantane hamnar i same området som dei tradisjonelle dialektvariantane. Analysane har vist at dialektvariantane av presens sterke og svake verb, fleirtalsforma i bestemt form fleirtal av substantiv, tredje person personleg pronomen og trykkplassering i importord relativt sett er dei *mest* resistente variantane både på Røros og Tynset (jf. tab. 9.1). Motsett er palatale alveolarar, jamningsformer, monoftong og den tradisjonelle forma i spørjeord blant dei *minst* stabile variantane på dei to plassane. Vi ser altså at det er dei same variantane som er mest og minst resistente på dei to plassane – relativt sett. Nokre variantar er likevel relativt stabile på Røros, mens dei er relativt ustabile på Tynset.

Dersom vi ser på Tynset isolert, står dei tradisjonelle variantane av nektingsadverbialet, supinumsforma og første person personleg pronomen svært utrygt. Dette er alle trekk som derimot står forholdsvis trygt på Røros. Men dersom nivelleringa på Tynset er ein peikepinn for endringsretninga også på Røros, vil ein kanskje kunne vente at desse tre variablane er blant dei som i framtida kjem til å bli meir ustabile også blant dei unge på Røros. Vi har dessutan sett at trykkplassering på førstestaving har ein heilt eigen dynamikk både på Røros og Tynset, og at denne variabelen er den einaste som er direkte sensitiv i forhold til den sosiale kategorien kjønn. I kombinasjon med gruppetilhørsle kjem kjønnskategorien likevel på spel: Hovudskiljet går ikkje mellom kjønna, men mellom gutane. Det er altså først og fremst gutar som er både dei mest og dei minst tradisjonelle språkbrukarane.

Når det gjeld dei andre sosiale kategoriane, har korrespondansekarta vist ei tydeleg differensiering mellom mobil og ikkje mobil ungdom, urban og tradisjonell livsstil, akademisk og ikkje-akademisk bakgrunn og mellom dei ulike ungdomsgrupperingane. Motsetnaden er særleg stor mellom gruppa bus/rånar på den eine sida og soss/skatar på den andre. Vi har med andre ord sett at språkval og språkbruk blant dei unge går langs ein *mobilitets-/lokalitetsakse* og ein *modernitets-/tradisjonsakse*. I tillegg til dette har korrespondanseanalysane av dei unge og dei vaksne informantane samla vist at foreldrebakgrunn og alder er viktige dimensjonar i forhold til bruk av lokale kontra nivellerte former.

Tabell 9.1 Oversyn over dei mest og minst resistente av dei språklege variablane på Røros og Tynset

	RØROS	TYNSET
Stabile	**PRES.ST**	**PRES.ST**
trekk	**PRES.SV**	**PRES.SV**
	BFPL	**BFPL**
	PERS.3	**PERS.3**
	TRYKK	**TRYKK**
	APOK	**APOK**
	UFPL	
	PERS.1	
	NEG	
	SUP	
Ustabile	**S-PAL**	
trekk	**N-PAL**	**N-PAL**
	L-PAL	**L-PAL**
	JAM	**JAM**
	MON	**MON**
	K/KV	**K/KV/H**
		PERS.1
		NEG
		SUP

Dersom vi ser på dei unge og dei vaksne informantane under eitt, er *alder* den sosiale kategorien som er aller mest utslagsgivande. Men alder åleine er ikkje tilstrekkeleg for å forklare variasjonen mellom og innafor dei to aldersgruppene. Alva t.d. bruker ikkje så mange tradisjonelle tynsetformer *berre* fordi ho er vaksen, men òg fordi ho bur i utkanten av kommunen, fordi begge foreldra hennar er frå tynsetområdet og fordi ho er positiv til heimstaden og dialekten. Nokre gonger går dessutan andre sosiale kategoriar på tvers av alder. Det gjeld t.d. for rørosinformanten Tom, far til Iris. Han bruker i gjennomsnitt færre lokale dialektformer enn fleire av dei unge rørosinformantane. Dei lokalt og tradisjonelt orienterte bus-gutane har ein mykje meir tradisjonell språkbruk enn Tom. Låg alder er altså ikkje nødvendigvis synonymt med høg bruk av nivellerte former. Sosial bakgrunn, kulturell orientering og gruppetilhørsle ser her altså ut til å vere viktigare enn alder. Samla bruker likevel dei unge på Røros og Tynset relativt sett fleire nivellerte former enn foreldre-generasjonen.

Dersom vi ser på Røros og Tynset under eitt, er geografisk opphavsstad den sosiale variabelen som har aller størst innverknad på bruk av lokale kontra nivellerte former. Dette har gått svært tydeleg fram av fleire av korrespondansekarta ovafor. Skilnaden mellom dei to stadane er så opplagd at ein ikkje treng korrespondanseanalyse for å oppdage han. Likevel er det interessant å sjå i kor overveldande stor grad *stad* strukturerer og polariserer materialet. Men kvifor er den språklege røyndomen så forskjellig på Røros og Tynset? Slik eg har vore inne på tidlegare, er det her naudsynt å trekkje inn dei sosio-historiske og kulturelle forskjellane mellom dei to plassane. Endringsprosessane starta utan tvil på eit langt tidligare tidspunkt på Tynset enn på Røros og har samband med utbygginga av jernbanen og etableringa av Tynset som stasjonsby (jf. kap. 2 og 8.16). Dette er nok likevel ikkje heile forklaringa.

Grad av etnolingvistisk vitalitet, lokaliteten sin status og ikkje minst innbyggjarane si kjensle av lokal tilknyting og ønske om identifikasjon med staden. er andre aspekt som kjem inn her (jf. kap. 5, pkt. 5.4). Røros har, som før nemnt, ein heilt annan posisjon som geografisk, historisk og kulturell plass i Noreg enn det Tynset kan seiast å ha (jf. kap. 2). Røros er ein stad dei fleste nordmenn kjenner til og som også har ein posisjon internasjonalt gjennom si plassering på Unescos liste over verdas kulturminne. Røros er dessutan ein mykje besøkt, attraktiv og interessant turistplass for både nasjonal og internasjonal turisme. Ingenting av dette kan Tynset skilte med på same måte, sjølv om natur- og skiinteresserte turistar også dreg til tynsetområdet. Det er trass alt i ein heilt annan skala enn det som er tilfellet for Røros. Alt dette er utan tvil med på å forme innbyggjarane i dei to bygdebyane si sjølvforståing, forståinga av heimplassane, og ønske om identifikasjon med dei to lokalitetane. Jamt over uttrykkjer rørosungdomen større stoltheit over og tydelegare tilhørsle til heimplassen sin enn det tynsetungdomen gjer. Stoltheita over å vere frå respektive Røros eller Tynset, og det meir eller mindre (u)bevisste ønsket om å markere dette også språkleg, er dermed også forskjellig på dei to plassane. Som eg vil kome attende til i neste kapittel, blir dette også uttrykt i klartekst av ungdomane på Røros og Tynset (jf. særleg pkt. 10.2.2.2). Akselberg (2003b:45) hevdar at:

> I Noreg kan eigen dialektbruk og positiv haldning til dialekt(ar) ha nær samanheng med ein (sterk) *lokal identitet*, men slik er det ikkje alltid. Eigen dialektbruk og positiv haldning til dialekt(ar) har derimot ofte (sterk) samanheng med eins *personlege identitet* og med heller svak eller til og med *negativ lokal identitet* knytt til den staden som dialekten representerer.

Eg er samd i at dialektbruk ikkje *treng* å ha ein nær samanheng med ein sterk lokal identitet, men korrespondanseanalysane viser at det er ein klar samanheng mellom haldning til dialekten, haldning til heimplassen, grad av lokal tilhørslekjensle og dialektbruk på Røros og Tynset. Ungdom som er sterkt knytte til heimplassen bruker langt fleire tradisjonelle dialektformer enn ungdom som er negativt innstilte og ikkje kjenner seg spesielt knytte til heimstaden. Stadens etnolingvistiske vitalitet og grad av positiv identifikasjon med staden, heng altså ifølgje analysane av røros- og tynsetungdomen nøye saman.